



Frå innflyttinga i den nye fløyen av Gloppen ungdomsskule oktober 2015.
Foto: Ragnhild Bruvoll.

Årsmelding 2015

Rådmannen si årsmelding datert 18. april 2016

Innhald

| | |
|---|----|
| Politisk organisering og leiing | 2 |
| Politisk leiing | 3 |
| Rådmannen har ordet..... | 6 |
| Administrativ organisering og leiing | 8 |
| Medarbeidarar og personalpolitikk | 10 |
| Mål og resultat for Gloppen kommune | 16 |
| Kva er gjort i 2015 for å følgje opp dette? | 16 |
| Tenesteområda | 17 |
| Hovudtal for 2015 | 17 |
| Formannskapet | 17 |
| Oppvekstutvalet | 19 |
| Helse- og omsorgsutvalet..... | 24 |
| MULTEK-utvalet – teknisk sektor og landbruk | 29 |
| MULTEK-utvalet – kultur og utvikling..... | 34 |
| Stab og støtte | 39 |
| Investeringane i 2015..... | 41 |
| Samarbeid og interkommunale tenester | 42 |
| Lokalsamfunn | 43 |
| Kven representerer Gloppen kommune? | 46 |
| Årets prisvinnarar i 2015..... | 47 |




Det nyvalde formannskapet 2015-2019: Framme frå venstre: Gunnvor Sunde (SD), ordførar Leidulf Gloppestad (Sp) og varaordførar Magni Aa Berge (Sp). Bak frå venstre: Bjarte Gangeskar (V), Arnar Kvernevik (Ap), Bernt Reed (Sp), Venke Kollbotn (KrF), Svein-Ottar Sandal (KrF) og Arnfinn Brekke (KrF). Foto: Jan Kåre Fure.

Politisk organisering og leing

Gløppen kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med fire hovudutval (inkludert administrasjonsutvalet) og formannskap. Alle medlemmene i kommunestyret er plasserte i

formannskapet og hovudutvala. I tillegg sit leiaren i kontrollutvalet også i kommunestyret. Organiseringa vart endra etter kommunestyrevalet i 2015 ved å redusere talet på hovudutval frå fem til fire.



Politisk organisasjonskart ved årsskiftet 2015/2016

Til organisasjonskartet:

Formannskapet er kommunen sitt generelle klageorgan etter § 28 i forvaltningslova. Formannskapet har også kontrollfunksjonen etter alkohollova og er hovudutval for saksområde som fell utanfor dei andre hovudutvala sine saksfelt, t.d. samferdslesaker og nærings- og ressursaker.

Plansakene er etter kommunestyret sitt vedtak av 20. juni 2011 delte mellom formannskapet (kommune-plansaker) og MULTEK-utvalet (reguleringsplansaker).

MULTEK-utvalet er kommunen sitt organ i viltsaker og saker etter friluftsløva og naturmangfaldsløva.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i organisasjonssaker. Utvalet er sett saman av fire kommunestyremedlemmer og tre medlemmer peika ut av dei tilsette sine organisasjonar.

Desse utvala er ikkje med på organisasjonskartet:

Valstyret er eit lovpålagt organ som i denne valperioden er sett saman av formannskapet og gruppeleiarane i dei partia som ikkje er med i formannskapet. Leiar er ordføraren.

Arbeidsmiljøutvalet er eit lovpålagt organ der arbeidsgjevar og arbeidstakarane skal ha like mange medlemmer. Leiaren i administrasjonsutvalet er ein av arbeidsgjevar sine representantar i utvalet.

Politisk leing



Ordførar Leidulf Gloppestad frå Senterpartiet vart vald til ordførar i 2015. Med seg i den politiske leiinga har han varaordførar Magni Aa Berge (Sp).
Foto: Jan Kåre Fure.

Dei nye utvalsleiarane er

- Arnfinn Brekke (Krf) i helse- og omsorgsutvalet
- Bernt Reed (Sp) i oppvekstutvalet
- Arnar Kvernevik (Ap) i MULTEK-utvalet
- og Bjarte Gangeskar (V) i administrasjonsutvalet.

I tillegg vart Frode Fagerli (Krf) valt som leiar for kontrollutvalet, men tok ikkje til i ververt før han slutta som rektor ved Gloppen opplæringscenter ved årsskiftet 2015/2016.

Ordføraren representerer Gloppen kommune i alle samanhengar der det ikkje er valt eigne representantar (sjå oversikta på side 46 i årsmeldinga) eller der representasjonsansvaret ligg til rådmannen.

Kommunestyret - 2015-2019

Senterpartiet (Sp)

1. Leidulf Gloppestad
2. Magni Aa Berge
3. Jeffrey Thomas
4. Kent Øystein Hjelle
5. Bernt Reed
6. Olaf Sigurd Gundersen
7. Jostein Arne Røyrvik
8. Vidar Sandal
9. Per Rune Vereide
10. Marit Straume
11. Solveig Lien Gusdal

Høgre (H)

1. Anniken Rygg
2. Jan Asle Rustøen

Samfunnsdemokratane (SD)

1. Gunnvor Sunde
2. Edgar Kvernevik

Kristeleg Folkeparti (KrF)

1. Svein-Ottar Sandal
2. Arnfinn Brekke
3. Leidulf Rygg Bogstad
4. Venke Kollbotn
5. Per Ståle Husevåg
6. Audun Mundal
7. Frode Fagerli

Venstre (V)

1. Bjarte Gangeskar

Arbeiderpartiet (Ap)

1. Arnar Kvernevik
2. Liv Petra Holme

Miljøpartiet dei grøne (MDG)

1. Mariel Eikeset Koren

Sosialistisk Venstreparti (SV)

1. Hege Lothe

Kommunestyret er lovpålagt etter § 6 i kommunelova.

Formannskapet

Leidulf Gloppestad (Sp) - ordførar
Magni Aa Berge (Sp) - varaordførar
Bernt Reed (Sp)
Svein-Ottar Sandal (KrF)
Venke Kollbotn (KrF)
Arnfinn Brekke (KrF)
Gunnvor Sunde (SD)
Arnar Kvernevik (Ap)
Bjarte Gangeskar (V)

Formannskapet er lovpålagt etter § 8 i kommunelova (for dei kommunar som ikkje har parlamentarisk styre).

Formannskapet er økonomiutval, generelt klageorgan og har kontrollansvaret etter alkohollova. Formannskapet er også hovudutval for saker som fell utanom dei andre hovudutvalsområda sitt ansvarsområde.

Helse- og omsorgsutvalet (HOU)

Arnfinn Brekke (KrF) – leiar
Olaf Sigurd Gundersen (Sp) – nestleiar
Per Ståle Husevåg (KrF)
Marit Straume (Sp)
Vidar Sandal (Sp)
Anniken Rygg (H)
Liv Petra Holme (Ap)

Helse- og omsorgsutvalet er styre for August Christian Mohr legat (til vanleg omtala som Mohrs legat) og Brita og Hans Thorbergens legat.

Oppvekstutvalet (OPV)

Bernt Reed (Sp) – leiar
Hege Lothe (SV) – nestleiar
Jeffrey Thomas (Sp)
Jostein Arne Røyrvik (Sp)
Gunnvor Sunde (SD)
Svein-Ottar Sandal (KrF)
Venke Kollbotn (KrF)

Oppvekstutvalet har ingen særfunksjonar.

MULTEK-utvalet

Arnar Kvernevik (Ap) – leiar
Audun Mundal (KrF) – nestleiar
Kent Øystein Hjelle (Sp)
Solveig Lien Gusdal (Sp)
Edgar Kvernevik (SD)
Jan Asle Rustøen (H)
Marie Eikeset Koren (MDG)

MULTEK-utvalet er styre for Anders Klaussen og Alffrida Egges Minnelegat.

Administrasjonsutvalet (AMU)

Folkevalde
Bjarte Gangeskar (V) – leiar
Magni Aa Berge (Sp) – nestleiar
Per Rune Vereide (Sp)
Leidulf Rygg Bogstad (KrF)
Frå dei tilsette
Tone Kristin Morken (Fagforbundet)
Marie Gjengedal (Fellesorganisasjonen)
Kristin Sælen (Utdanningsforbundet)

Administrasjonsutvalet er lovpålagt etter § 25 i kommunelova viss ikkje partane lokalt avtalar andre samarbeidsordningar.

Dei folkevalde er valde for heile valperioden, medan dei tilsette sine representantar er valde for to år.

Kontrollutvalet

Frode Fagerli (KrF) – leiar
Bjarne Bø (Sp) – nestleiar
Ingrid Aske (KrF)
Charlotte R. Holtan (SD)
Jenny Hysing (SV)

Kontrollutvalet er lovpålagt etter § 77 i kommunelova.

Sidan Frode Fagerli var tilsett i kommunen fram til 1.1.2016, fungerte Bjarne Bø som leiar i heile 2015.



Formannskapet på synfaring i Jardalen for å sjå på omstridde vegar. Dette er saker som tar mykje tid og energi, og Fylkesmannen er ikkje på vegbyggerane si side. Foto: Jan Kåre Fure.

Talet på saker i styre, utval og råd

| Utval | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | |
|--------------------------|------|------|------|------|------|--|
| Kommunestyret | 86 | 91 | 83 | 112 | 88 | *MULTEK-utvalet er ei samanslåing av |
| Formannskapet | 149 | 137 | 154 | 160 | 151 | Kultur- og miljøutvalet og Teknisk og |
| Helse- og omsorgsutvalet | 50 | 45 | 44 | 57 | 51 | miljøutvalet gjeldande frå oktober 2015. |
| Oppvekstutvalet | 42 | 39 | 37 | 53 | 45 | Tabellen viser også samla saksmengde for |
| MULTEK-utvalet* | 125 | 143 | 156 | 145 | 131 | desse utvala fram til samanslåinga i oktober |
| Administrasjonsutvalet | 22 | 22 | 24 | 32 | 8 | 2015. |
| Kontrollutvalet | 36 | 30 | 27 | 34 | 32 | |
| Eldrerådet | 24 | 24 | 32 | 32 | 20 | **Ungdomsrådet fører ikkje tradisjonell |
| Rådet for funksjonshemma | 18 | 22 | 19 | 18 | 14 | møtebok, så tala er for dette rådet er ikkje |
| Ungdomsrådet** | 24 | 22 | 14 | 43 | 30 | direkte samanliknbare med dei andre råda. |

Vi ser av oversikta at talet på saker i utvala ikkje står i høve til utvala sine ansvarsområde. Trekkjer vi frå dei faste sakene om godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste, pluss referatsakene, kjem vi med på 34 saker i helse- og omsorgsutvalet og 28 saker i oppvekstutvalet. Sjølv om vi skal vere varsame med å la talet på behandla saker vere avgjerande for utvalsstrukturen vår, er det rådmannen sitt syn at vi også må vektlegge dette.

Kommunestyrevalet 2015

15. september 2015 var det kommunestyre- og fylkestingval. Ved kommunestyrevalet var det 71,2 % av i alt 4.419 glopparar som røysta. Kommunestyrevalet gav slikt resultat:

| | Valresultat | | Endring frå valet i 2011 | | Medl. i kommunestyret | |
|------------------------|-------------|---------|--------------------------|---------|-----------------------|---------|
| | Stemmer | Prosent | Stemmer | Prosent | Medlemmer | Endring |
| Arbeidarpartiet | 260 | 8,3 | -43 | -1,6 | 2 | -1 |
| SV | 110 | 3,5 | -49 | -1,2 | 1 | |
| Senterpartiet | 1.328 | 42,4 | +284 | +8,2 | 11 | +2 |
| Krf | 754 | 24,1 | +389 | +12,1 | 7 | +4 |
| Venstre | 157 | 5,0 | -33 | -1,2 | 1 | -1 |
| Høgre | 192 | 6,1 | -390 | -13,0 | 2 | -3 |
| Samfunnsdemokratane | 224 | 7,2 | -182 | -6,1 | 2 | -2 |
| Miljøpartiet Dei Grøne | 110 | 3,5 | +110 | +3,5 | 1 | +1 |
| Sum | 3.135 | 100,0 | | | | |

Valoppgjeret vart godkjent av kommunestyret på konstituerande møte den 2. oktober 2015. Det kom ikkje inn klager eller merknader verken på valet eller valoppgjeret. Vi gjorde omfattande endringar i gjennomføringa av valet ved at talet på røystekrinsar vart reduserte frå 16 til 6.



«Gamleordfører» Anders Ryssdal leia sitt siste ordinære kommunestyremøte den 31.8.2015 og vart heidra med takk, blomar og kake etter 16 års teneste som kommunen sin fremste folkevalde. Foto: Jan Kåre Fure.

Rådmannen har ordet



Når soga om 2015 skal skrivast – også for Gloppen sin del – vil kommune-reforma bli ei hovudsak. Regjeringa sitt ønskje om større og meir robuste kommunar har sysselsett folkevalde, administratorar, konsulentar og meiningsmålarar heile året. Vi i Gloppen har teke nabopraten om samanslåing på alvor, og arbeidd jamt og trutt med kommunereforma heile året.

Ei anna stor sak i 2015 var ny organisering av kommunen sine tre kraftstasjonar i Gloppenelva. Saka vart avgjort på eit ekstramøte i kommunestyre i august. Eit nesten samrøystes kommunestyre vedtok å overføre stasjonane til det kommunale aksjeselskapet Gloppen Energi AS samstundes med at Sogn og Fjordane Energi, gjennom sitt produksjonsselskap SFE Produksjon AS, fekk kjøpe 30 % av aksjane i Gloppen Energi AS.

Jan Kåre Fure tok til som rådmann i Gloppen 1. mai 2014. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

Nytt kommunestyre

Kommunevalet hausten 2015 vart av mange omtala som eit ordførarval. Stolen til ordføraren var ledig etter at Anders Ryssdal frå Senterpartiet hadde sagt frå seg attval etter 16 år som ordførar.

Då stemmene var talde på valkvelden 15. september, var det klart at også den nye ordføraren vart ein Senterpartimann. Også store deler av kommunestyret vart bytta ut, og berre to i formannskapet gjekk på ein ny periode. Før valet var det klart at utvalstrukturen skulle endrast. Det gamle kommunestyret vedtok med ordføraren si dobbelt-røyst at talet på hovudutval skal reduserast frå fem til fire.

Etter valet var det Gloppen sin tur å ha leiarvervet i Nordfjordrådet. Leidulf Gloppestad tok over leiarklubba frå ordføraren i Stryn på møtet i Hornindal den 1. november. Med leiarvervet følgjer også ansvaret for sekretariatet og fleire andre leiarverv: leiar i rådmannsgruppa, leiar i styret for Nordfjordnett og leiar i fleire av fagnettverka.

Gode tenester

Gloppen kommune leverer gode tenester til innbygarane. Etter at årsmeldinga for 2014 vart skriven vart Gloppen kåra til den nest beste kommunen i landet på avisa Kommunal Rapport sitt kommunebarmeter. Litt betre rekneskapsresultat, og vi ville ha vore den klart beste.

Sjølv om vi i same kåringa våren 2016 ramla ned på 15. plass, er det udiskutabelt at Gloppen er ein kommune med gode tenester. Når vi samstundes nok ein gong er mellom dei desidert beste kulturkommunane i landet, må det vere lov å seie at Gloppen er ein god kommune å bu i.

Vi har gjort eit stort arbeid i 2015 for å betre kommunen sine dataløysingar, både lokalt i Gloppen og gjennom Nordfjordnett. Framleis er det mykje som kan bli betre, men framsteget er i 2015 merkbart. Parallelt med dette har vi også i lag med

private selskap greidd å skaffe fiber til Kandalen, Ryssdalen og Kjørvika.

Arbeidet med ny heimeside, som skal vere hovudkanalen for den digitale tilgangen til tene-stene våre, og staden der vi skal synleggjere kva vi tilbyr, har ikkje kome noko vidare i 2015. Årsaka er først og fremst kapasitetsproblem. Og sjølvsgatt har arbeidet med dei tekniske løysingane teke si tid.

Økonomisk styring

Rekneskapan for 2015 viser eit mindre overskot på om lag 3,3 millionar. Med eit så stort driftsbudsjett som vi har, er dette å sjå på som balanse. Rådman-nen er nøgd med at vi ikkje brukte av disposisjons-fondet til drifta i 2015 slik budsjettet la opp til.

Det er fleire årsaker til plussresultatet, men ein hovudpost som gir utslag er overføringar frå staten til busetting av flyktningar. Også den største sek-toren i kommune – helse og omsorg – bidreg til god balanse.

I løpet av 2015 har vi fått god orden på kom-munen si økonomiavdeling, som i første halvår sleit med bemanninga. Det var derfor utfordrande å få ferdig 2014-rekneskapan, men takka vere ein svært innsatsvillig og arbeidssam gjeng på økonomiav-delinga kom vi i mål. Her må også kommunerevisor takast fram som ein god hjelpar. 2015-rekneskapan er levert etter punkt og prikke.

Arbeidet med 2016-budsjettet viste at vi framleis har eit driftsnivå som er litt for høgt med dei inn-tektenne vi har i dag. Det blir derfor aldri råd å seie at vi no er ferdige med effektivisering og tilpassing.

Som rådmannen skreiv i fjorårets årsmelding er det ikkje realistisk med raske løysingar for å snu drifta. Det er jamt over god budsjett disiplin i kom-munen, og vi driv nøktern på alle område. Budsjett-prosessen for 2016 viste at det ikkje er lett å «hoste opp» innsparingar som monnar. Dei vasla endring-ane i inntektssystemet vil ikkje gje oss nokon pause i arbeidet med å spare pengar.

Nye folk

Også i 2015 kom det nye folk inn i viktige kommunale stillingar. 1. januar tok Knut Roger Nesdal til som næringsjef etter at stillinga vart gjenoppretta i 2014. Tidleg i juni starta Janne Storevik i stillinga som økonomikonsulent. I praksis har dette vore økonomisjefstillinga. Og 1. august byrja Rita Lillevedt som personalsjef.

I 2015-budsjettet vart to rådgjevarstillingar i stab og støtte dregne inn for å spare pengar. Med dette tiltaket vart vi heilt utan saksbehandlarar. Det er ein situasjon som ikkje bør vare evig.

Saker tar tid...

Dei som skal finne seg til rette i styring og administrering av kommunen, må vere tolmodige. Det er ikkje alle saker som lar seg løyse så fort som ønskjeleg. I 2015 hadde vi fleire slike: Spørsmålet om cruisehamn på Sandane, sal av Rygg skule, tilbakekjøp av Elvaneset og vegane i Jardalen for å nemne nokre. Forhåpentlegvis kan vi setje sluttstrek for alle desse i 2016.

Vegar og samferdsle

I 2015 starta arbeidet med planprogrammet for ny E39 mellom Byrkjelo og Grodås. Den nye vegen er tenkt bygt etter såkalla H5-standart, ein trefeltsveg med midtdelar, med berre eit minimum av avkøyrslar. Den nye vegen vil legge hand på mykje areal på Byrkjelo.

Uavhengig av den framtidige omlegginga av E39 arbeidet Eid og Gloppen vidare med ferjefri kryssing mellom Anda og Lote. I 2015 vart planprogrammet for kryssinga klart.

Etter mykje om og men – langt inn i 2016 – vart det klart at Statens vegvesen skal planlegge nødvendig opprusting av E39 mellom Byrkjelo og Sandane.

Arbeidet med å oppretthalde og styrke drifta og flytilbodet frå Sandane lufthamn har pågått jamt og trutt i heile 2015. Sjølv om flyplassen er «freda» inntil vidare, er det nødvendig å heile tida ha trøkk på sentrale Avinor og sentrale styresmakter for å halde på flyplassen.

Kommunereforma

I kommunestyret sitt oppstartingsvedtak frå november 2014 heiter det at kommunen skal arbeide med eit Sunnfjord-alternativ og eit Nordfjord-alternativ i tillegg til «0-alternativet», som vil seie å halde fram som eigen kommunen.

Med dette som utgangspunkt deltok vi i ei større utgreiing i lag med ni andre kommunar i Sunnfjord og ytre Sogn. Arbeidet enda opp med ein intensjonsavtale om Firda kommune. I ei stor innbyggjarundersøking i alle dei ti kommunane fekk dette alternativet svært liten oppslutning i Gloppen. Firda

kommune vart skrinlagt av kommunestyret i desember 2015 etter at det vart klart at Firda kommune var einaste alternativet for Gloppen mot Sunnfjord. Alternativet vi var interesserte i: Gloppen pluss lite SiS (Jølster, Førde, Naustdal og Gaular) var det ingen andre som ville diskutere.

Nordfjord-alternativet



Ordførarane i midtre og indre Nordfjord etter at dette alternativet for kommunesamanslåing vart skrinlagt. F.v. Sven Flo (Stryn), Leidulf Gloppestad (Gloppen), Stig Olav Lødemel (Hornindal) og Alfred Bjørlo (Eid). Foto: Magni Aa Berge.


Kommunane Stryn og Hornindal avviste frå start av å greie ut Nordfjord som ein kommune. Dermed vart det store Nordfjord-alternativet i utgangspunktet eit spørsmål om samanslåing av kommunane i midtre og indre Nordfjord. Dette arbeidet havarete då spørsmålet om plassering av kommunesenteret skulle takast stilling til. På eit møte på Eid 3. desember 2015 vart ordførarane samde om å avslutte drøftingane om samanslåing, og ikkje legge skulda for dette på nokon av kommunane.

Etter dette har Eid og Gloppen arbeidd vidare med spørsmålet om samanslåing, og ein avtale om dette vart klar på nyåret i 2016.

Mykje arbeid

Arbeidet med kommunereforma har vore tidkrevjande og lagt hand på mykje ressursar i 2015. Rådmannen er lei for at vi verken fekk utgreidd heile Nordfjord som alternativ eller det Sunnfjord-alternativet som Gloppen heile tida etterlyste.

Administrativ organisering og leing



Administrativ organisering, sist oppdatert 19. mars 2015.

Det vart ikkje gjort endringar i den administrative organiseringa i 2015.

Leing og leiarar i Gløppen

Gløppen kommune er organisert etter sektormodellen. Modellen har tre nivå der rådmannen er øvste administrative leiar. Under seg har rådmannen fem «rådmenn» for sine sektorar/ansvarsområde: Stab og støtte, oppvekst, helse og omsorg, tekniske tenester og kultur og utvikling. Avdelingane under dette – nivå tre – er *einingsane*, som alle er leia at ein einingsleiar.

Rådmannen si leiargruppe er sett saman av leiarane for sektorane, pluss organisasjonssjefen, personalsjefen og rådmannen sjølv. Det gir ei leiargruppe på sju medlemmer. Kultur- og utviklingssjefen fungerer som rådmann i rådmannen sitt fråvær. Er både rådmannen og kultur- og utviklingssjefen vekk, fungerer organisasjonssjefen som rådmann.

Rådmannen si leiargruppe og einingsleiarane utgjer saman med personalsjefen og økonomisjefen kommunen sitt *leiarforum*.

Kva vart endra i 2015?

Det vart ikkje gjort organisatoriske endringar i leiarstrukturen i 2015, utover at rådmannen si leiargruppe er utvida med personalsjefen. Internt har rådmannen oppretta eit planforum, som skal vere ein ressurs i

det kommunale planarbeidet vårt. Leiar for planforumet er rådgjevar Beate O. Kornberg.



Rita Lilletvedt tok til som personalsjef i Gløppen kommune 1. august 2015. Foto: Magnus-André Moritsgård.

Ved årsskiftet 2015/2016 utgjorde desse leiarforumet:

Rådmannen si leiargruppe

| Funksjon | Namn |
|---------------------------|----------------------|
| Rådmann | Jan Kåre Fure |
| Organisasjonssjef | Geir Liavåg Strand |
| Oppvekstsjef | Olav Fure |
| Helse- og omsorgssjef | Anita Lothe |
| Teknisk sjef | Kjell Petter Solhaug |
| Kultur- og utviklingssjef | Jan-Kjetil Øygaard |
| Personalsjef | Rita Lilletvedt* |

* Nye i 2015.

Einingar og einingsleiarar

| Oppvekst | Tittel og namn |
|--------------------------|---------------------------------------|
| Breim skule | Rektor Marianne Kårstad Raad |
| Gloppen ungdomsskule | Rektor Ragnhild Bruvoll |
| Hyen skule og barnehage | Rektor Vigdis Henden* |
| Nordstranda skule | Rektor Thor Horntvedt |
| Sandane skule | Rektor Sverre Folkestad |
| Breim barnehage | Styrrar Anette Støyva |
| Mona barnehage | Styrrar Margrete Huus Fjellestad |
| Gloppen opplæringscenter | Rektor Sonja Jordanger Loen* |
| PP-tenesta | PPT-leiar Hilde Nødset |
| Barnevernstenesta | Barnevernsleiar Per Ståle Husevåg |
| Helsestasjonen | Leiande helsesøster Gerd Heimseter Aa |

* Nye i 2015.

| Helse og omsorg | Tittel og namn |
|------------------------------------|---|
| Legetenesta | Kommuneoverlege Benny Ø. Hansen |
| Psykisk helse | Einingsleiar Merete Knoff |
| Fysio-/ergoterapi | Einingsleiar Margot Andenes |
| Gloppen omsorgssenter 1. etasje | Einingsleiar Iren Knutsen Utheim |
| Oreteigen | Einingsleiar Cecilie Majchrowicz Helgheim |
| Åsateigen | Einingsleiar Trine Krogh |
| Heimetenesta Gotatoppen | Einingsleiar Marit Horntvedt |
| Gloppen kommunale kjøkken | Kjøkkensjef Gunnvor Sunde |
| Åsavegen bu- og avlastningsteneste | Einingsleiar Siri-Merethe Solheim* |
| Breim heimeteneste | Einingsleiar Elsa Hjorteset |
| Hyen heimeteneste | Einingsleiar Oddrun Ommedal |
| Sandane heimeteneste | Einingsleiar Kari-Ann Krogh |
| NAV Gloppen (den kommunale delen) | NAV-leiar Øyvind Hervik |

* Nye i 2015.

| Teknisk sektor | Tittel og namn |
|--------------------|---------------------------------------|
| Eigedomsavdelinga | Leiar: Odd Arne Kolseth |
| Landbrukskontoret | Landbrukssjef Trine Alme |
| Kommunalteknikk | Leiar: Per Ove Fosheim* |
| Brann og beredskap | Brann- og beredskapssjef Runar Kleppe |

* Nye i 2015.

Endringar i 2015

- På kommunalteknisk avdeling blei det i 2015 skifte av einingsleiar då Per Ove Fosheim tok over stafettspinnen etter Jostein Moldestad. I september startar Anders Nystuen som saksbehandlar for plan- og

byggesaker, og begge våre nye medarbeidarar har funne seg godt til rette. I tillegg vart det gjort litt mindre organisatoriske endringar m.a. at Runar Kleppe no er 100 % brann og beredskapsleiar.

| Kultur og utvikling | Tittel og namn |
|-----------------------------|--------------------------------|
| Gloppen folkebibliotek | Biblioteksjef Torill Berge |
| Gloppen kulturskule | Rektor Ann Karin W. Ose |
| Kulturhuset Trivselshagen | Dagleg leiar Ola Tarjei Kroken |
| Trivselshagen bad og idrett | Dagleg leiar Øystein Sundal |

Til sektoren høyrer også overordna planarbeid, samfunns- og næringsutvikling med desse stillingane nærings sjef, rådgjevar samfunnsutvikling og folkehelsekoordinator.

Medarbeidarar og personalpolitikk

Det blei utskrive 1.297 lønns- og trekkoppgåver i 2015. Dette er tal personar som har fått lønn eller godtgjersle frå Gloppen kommune dette budsjettåret.

ÅRSVERK, STILLINGAR OG TAL TILSETTE

Tabellane nedanfor inneheld ikkje støttekontakter, folkevalde og personar med kvalifiserings- og introduksjonstilskot. Tal per 31.12.2015.

| | Årsverk | Tal stillingar | Tal tilsette |
|---------|---------|----------------|--------------|
| Kvinner | 375 | 639 | 497 |
| Menn | 88 | 129 | 105 |
| Sum | 463 | 768 | 602 |

Årsverk: Inneheld alle med ein fast stillingsprosent.

Tal stillingar: Ein tilsett kan arbeide i fleire stillingar, anten på same avdeling eller på fleire avdelingar. Nokre har delt opp 100 % stilling i fleire små stillingsprosentar av budsjettmessige årsaker.

Tal tilsette: Dette er tilsette med ein registrert stillingsprosent.

STILLINGSOVERSIKT

| | Årsverk | Tal tilsette |
|----------------------------|------------|--------------|
| Kvinner 1 – 51 % stilling | 31 | 96 |
| Menn 1 – 51 % stilling | 5 | 16 |
| Sum | 36 | 112 |
| Kvinner 52 – 99 % stilling | 177 | 233 |
| Menn 52 – 99 % stilling | 16 | 21 |
| Sum | 193 | 254 |
| Kvinner 100 % stilling | 161 | 161 |
| Menn 100 % stilling | 67 | 67 |
| Sum | 228 | 228 |
| Samla sum | 456 | 594 |

I tala for 100 % stilling ligg også arbeidstakarar som med fleire delstillingar totalt har 100 % stilling.

Sum delstillingar og gjennomsnittleg stillingsprosent

| | Årsverk | Tal tilsette | Gj.snitt. stillingsprosent |
|---------|---------|--------------|----------------------------|
| Kvinner | 208 | 329 | 63,22 |
| Menn | 21 | 37 | 56,76 |

UTVIKLINGA I TALET ÅRSVERK I KOMMUNEN

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|---------|------|------|------|------|------|
| Årsverk | 463* | 430 | 426 | 417 | 427 |


* Auken i årsverk frå 2014 til 2015 skuldast ein ny måte å registrere korttidstilsette på og ikkje ein reell auke i talet på årsverk.



Siri-Merethe Solheim tok over som leiar av Åsavegen bu- og avlastningsteneste i april 2015. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Aldersfordeling på tilsette over 50 år i Gloppen kommune

Per 31. desember 2015 har kommunen 233 arbeidstakarar over 50 år og 166 over 55 år. Tilsvarende tal per 31. desember 2014 var 273 og 193. Fordelinga ved siste årsskiftet er slik på den enkelte alder:



Likestilling og deltid m m

Gjennom HTA (hovudtariffavtalen) er dei lokale partane forplikta til å drøfte likelønn kvart år på bakgrunn av tal som viser lønnsutviklinga blant anna fordelt på kjønn. Dette blir i Gloppen gjort i samanheng med drøftingar framfor lokale forhandlingar. I 2015 var det berre lokale forhandlingar for kapittel 3 og 5, då 2015 var eit mellomoppgjer. Sjølv om ramma for det lokale oppgjeret var begrensa vart det retta opp i nokre skeivheiter mellom einingsleiarane, spesielt einingsleiarane innan helse og omsorg samanlikna med andre einingsleiarar.

Etter HTA § 2.3.1 er kommunen forplikta til å arbeide for å redusere uønskt deltid. Fokus på å redusere deltidsstillingar har eit klart likestillingsperspektiv, fordi dei fleste med uønskt deltid er kvinner. Det blir jamt lagt vekt på å auke deltidsstillingar når det er mogleg.

Gloppen kommune avgjorde hausten 2013 å delta i eit KS-prosjekt om heiltid. Prosjektet starta våren 2014. Einingane som har delteke frå kommunen er Heimetenesta Hyen, Oreteigen, Åsavegen bu- og avlasting og Mona barnehage. Frå arbeidstakersida har hovudverneombod og hovudtillitsvalde i Fagforbundet, Fellesorganisasjonen (FO) og sjukepleiarforbundet (NSF) delteke. Konklusjonen i gruppa er at dette har vore eit svært nyttig prosjekt med gode prosessar og samarbeid mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar. Vi har vore løysingsorienterte og det er stor vilje til å sjå begge partar sine utfordringar og moglegheiter. Vi har auka stillingsprosentar til mange av dei tilsette i dei aktuelle einingane som ynskjer det. Det er eit viktig arbeid med tanke på rekruttering av gode medarbeidarar for framtida.

GJENNOMSNISSLØNN, ÅRSVERK OG STILLINGSPROSENT DELT PÅ KAPITTEL (ETTER HOVUDTARIFFAVTALEN) OG KJØNN FOR KOMMUNEN SINE TILSETTE

| Kapittel | Kjønn | Tal tilsette | Årsverk | Snittst. % | Snittlønn |
|----------------|---------|--------------|---------|------------|-----------|
| Kap 3.4.1 | Kvinner | 1 | 1,0 | 100 | 674.000 |
| Toppleiarar | Menn | 5 | 5,0 | 100 | 703.600 |
| Kap 3.4.2 | Kvinner | 21 | 20,4 | 97 | 558.638 |
| Einingsleiarar | Menn | 8 | 8,0 | 94 | 563.800 |
| Kap 4 | Kvinner | 480 | 362 | 75 | 411.787 |
| | Menn | 84 | 71 | 85 | 427.110 |
| Kap 5 | Kvinner | 9 | 5 | 58 | 513.367 |
| | Menn | 11 | 9 | 79 | 579.745 |

- Kap 3.4.2: Lønn til rektorar er noko høgre enn lønn til dei andre einingsleiarane, men lønnsforskjellane her er mindre no enn tidlegare. Lønna til kommuneoverlegen er ikkje med i tabellen fordi denne påverkar gjennomsnittet så mykje at tala blir misvisande.

- Kap 5: På kapitlet er lønn til t d legar, ingeniørar og tilsette i administrasjonen med lokalt fastsett personleg lønn. Ulikt ansvar og jobbinnhald utgjer individuelle skilnader.

Rekruttering og kompetanse

Det blir arbeidd med oppfølging av innhaldet i kompetanse- og rekrutteringsplanen. Planen er eit godt verktøy i det langsiktige arbeidet med å rekruttere og mobilisere kompetanse. Planen inneheld også kommunen sin seniorpolitikk.

Innføring av seniorpolitiske tiltak har medført at tilsette som fyller 62 år kan velje mellom ulike ordningar. Så langt er ordninga med ein pensjons-gjevande lønnsauke på kr 10.000 mest aktuell. På andre plass kjem alternativet med redusert arbeidstid/auka ferie.

Av sektorovergripande opplæring er det fokusert på to hovudområde: saksbehandling og informasjonsteknologi (sjå eige punkt 4.3 i planen for fleire detaljar). Saksbehandling er definert som ein av kjernekompetansane i kommunen. Kunnskap om og ferdigheiter innan IKT er avgjerande for at kommunen skal kunne ta i bruk dei systema det er lagt opp til lokalt og gjennom Nordfjordnett. Det er også viktig med slik kunnskap for kritisk å kunne vurdere nytten av systema og korleis ein skal vidareutvikle dei. I 2015

kartla Gloppen kommune IKT-kunnskapen til alle tilsette i eit samarbeid med Datakortet as. Resultata viser at det er behov for IKT-opplæring i alle sektorar. Opplæringa startar opp i 2016.

Etter kompetanse- og rekrutteringsplanen har kommunen mål om å rekruttere juridisk kompetanse for å sikre god saksbehandling og rettstryggleiken til brukarane og innbyggjarane. Omfanget av lover og forskrifter kommunen skal halde seg til er omfattande.

Etter at våre 2 juristar slutta i 2014 har det dessverre ikkje lukkast å rekruttere inn ny (e).

I tillegg til tradisjonelle rekrutteringsmåtar, er kommunen aktivt til stades på karrieremesser både i Bergen, Volda, Sogndal, Oslo og Nederland. Kommunen deltek også ved høve på utdanningsmesse ved Firda vidaregåande skule og eventuelt andre stader. Målet med denne deltakinga er å ha få kontakt med elevar, utflytta studentar og arbeidstakarar, og halde dei oppdaterte på utviklinga i Gloppen kommune.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Gloppen kommune har som arbeidsgjevar eit sterkt fokus på HMS-arbeidet og er oppteken av trivsel og tryggleik på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og kommunen legg vekt på å ha ei aktiv verneteneste.

Alle nye einingsleiarar, verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvalet og andre aktuelle gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Andre aktuelle HMS-kurs blir arrangerte kvart år, t d blei det i 2015 halde førstehjelpskurs.

Arbeidet med fornying av HMS-arbeidet i kommunen har halde fram også i 2015. Det vart på slutten av året inngått avtale om å ta i bruk Kommuneforlaget sitt kvalitetssystem, som er tilpassa kommunal verksemd og som inneheld modulane kvalitetshandbok, HMS-handbok, avvikshandtering, risikostyring og årshjul. Planen er å ta alle modulane i bruk i løpet av 2016, men i første omgang vil avvikshandtering, HMS-handbok og årshjul bli prioritert.

Kommunen har ei HMS-gruppe som er samansett av to frå administrasjonen med personalsjef som leiar, hovudverneombodet, ein representant frå bedriftshelsetenesta og hovudtillitsvald i Fagforbundet. Gruppen tek opp og drøfter mange ulike HMS-saker og kjem med innspel i saker som skal opp i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

HMS-gruppa har også funksjon som sjukefråværsgruppe, som skal jobbe både på system- og individnivå. Dei skal spesifikt jobbe med å finne årsaker til sjukefråvær i einingar der sjukefråværet er høgt, førebygge og lage strategi for arbeidet med å få ned sjukefråværet på lengre sikt (langsiktig tenking).

Hovudverneombodet reiser årleg ut til alle einingane. Han har då faste møte med LAGa (lokale arbeidsmiljøgrupper). Slike grupper blei oppretta i alle verneområda i 2010 og fungerer etter kvart godt.

I 2015 var kommunen inndelt i 24 verneområde. Personalsjefen og hovudverneombodet har fleire møte med verneomboda kvart år, der dei deler erfaringar og får ny informasjon og påfyll av ny kunnskap.

Gloppen kommune er også ei IA-bedrift. Det betyr at kommunen forpliktar seg på å støtte opp om nasjonale mål om høgt nærvær (lågt sjukefråvær), inkludering av arbeidstakarar (t d med redusert funksjonsevne) og auke avgangsalderen til dei tilsette. Kommunen har arbeidd fram sine eigne IA-delmål som ein del av IA-avtalen. Desse er i 2015 innarbeidde i *Overordna HMS-plan*.

Som IA-bedrift har kommunen sin eigen rådgjevar frå NAV arbeidslivssenter. Dette er for tida Kåre Gimmestad.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris blir tildelt årleg i kommunestyret. Det er AMU som bestemmer kven

som skal få prisen. I 2015 var det Åsavegen bu- og avlastningsteneste som blei heidra (sjå side 47).

BEDRIFTSHELSETENESTE (BHT)

Alle tilsette i Gloppen kommune er tilknytt bedriftshelseteneste. I 2015 er det Kystbedriftenes Helse-tjeneste som har hatt ansvar for helsetenesta i Gloppen. Dei har kontor på Sandane som er bemanna heile veka.

BHT har m a vore aktivt med i fornyinga av HMS-arbeidet. Dei deltek i arbeidsmiljøutvalet , HMS-gruppa, og i andre aktuelle møter ved behov.

Dei utfører arbeidshelseundersøking med utvalde grupper og 1/3 av resten av arbeidsstokken kvart år. BHT føretek kartlegging og risikovurdering etter førespurnad frå einingane, føretek arbeidsplasskartleggingar, føretek faktaundersøking i konfliktsaker, gjev opplæring i tenleg arbeidsteknikk og gjev råd ved planlegging av nye arbeidsplassar og innkjøp av nytt utstyr m m.

Det er BHT som held grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Dei arrangerer også andre kurs etter førespurnad.

Nærværsarbeid

I 2015 har nærværet vore på 95,1 %. I 2014 var nærværet på 94,3 %.

STATISTIKK OVER EIGENMELDING OG SJUKEFRÅVÆR

| | 2015 | | | | 2014 | | | | 2013 | | | |
|----------|-----------------|----------------|---------------|----------------|-----------------|----------------|---------------|----------------|-----------------|----------------|---------------|----------------|
| | Eig.m 1-24 d | Sj.m 1-16 d | Sj.m ≥17 d | Sj.m totalt | Eig.m 1-24 d | Sj.m 1-16 d | Sj.m ≥17 d | Sj.m Totalt | Eig.m 1-24 d | Sj.m 1-16 d | Sj.m ≥17 d | Sj.m totalt |
| Oppvekst | 0,8 | 0,6 | 4,7 | 6,1 | 0,8 | 0,8 | 4,1 | 5,7 | 0,7 | 0,6 | 3,6 | 4,9 |
| Helse | 0,7 | 0,7 | 2,9 | 4,4 | 0,7 | 0,7 | 5,2 | 6,6 | 0,7 | 0,8 | 4,0 | 5,5 |
| Andre | 0,6 | 0,3 | 3,5 | 4,4 | 0,7 | 0,2 | 2,5 | 3,5 | 0,6 | 0,5 | 3,0 | 4,0 |

Det blir gjort eit godt arbeid i einingane både når det gjeld førebyggjande tiltak, tilrettelegging for tilsette med fysisk/psykisk funksjonsevne og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

Gloppen kommune har nært samarbeid med IA-rådgjevar i NAV arbeidslivssenter. IA-rådgjevar og

bedriftshelsetenesta blir brukt aktivt i nærværsarbeid. BHT deltek i oppfølginga av sjukmelde arbeidstakarar. Dei underviser i ergonomi og løfteteknikk, gjev råd og tips om trening og kosthald m m.

Organisasjonsutvikling

PERSONALREGELVERK – KS LOKAL PERSONALHANDBOK
Alt personalregelverk i kommunen er samla i *KS lokal personalhandbok*. Personalhandboka er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet eller via fagprogrammet. Alle dokumenta blir fortløpande oppdaterte ved endringar. Dette regelverket ligg også på kommunen si heimeside og ein del skjema ligg på intranettet. Dette er gjort slik til denne tid fordi arbeidstakarane har hatt ulike tilgangar til dei ulike dataprogramma.

Det har i løpet av hausten blitt jobba med revisjon av personalreglementa i kommunen, med plan om endeleg behandling i ADMU i løpet av våren 2016.

PERSONALGRUPPA

Kommunen har ei administrativ personalgruppe som består av tilsette som arbeider med lønns- og personalsaker. Dette er ei uformell gruppe som samarbeider om lønns- og personalspørsmål, tolking av regelverk m m.

HMS-GRUPPA

HMS-gruppa er samansett av to personar frå administrasjonen, hovudtillitsvald i Fagforbundet, hovudverneombodet og ein tilsett i BHT. Personalsjefen er leiar. I denne gruppa blir det teke opp alle slags tema, dokument og saker innan HMS-arbeidet. Saker som skal opp i AMU blir drøfta i denne gruppa på førehand. HMS-gruppa har også funksjon som sjukefråværsgruppe og AKAN-utval.

KURS OG OPPLÆRING

I 2015 søkte vi midlar til gjennomføring av IKT-opplæring. Gjennom eit samarbeid med Folkeuniversitetet fekk kommunen tildelt 650.000 kr frå Staten (VOX) gjennom BKA-ordninga (Basis Kompetanse i Arbeidslivet) til gjennomføring av slik opplæring i 2016.

I oktober vart det igjen invitert til samling for nyttilsette. 20 nye arbeidstakarar fekk ein brei presentasjon av Gloppen kommune som organisasjon og tene-

steytar. Andre døme på lokalt arrangerte kurs med interne og eksterne undervisningskrefter:

- Kontering/fakturahandsaming
- Sakshandsaming i WebSak
- Førstehjelp
- Profil
- Pensjonskurs for seniorar i regi av KLP og SPK

NÆRVÆRSARBEID

HMS-gruppa har arbeidd med ulike tiltak på einingsnivå for å få ned sjukefråværet der det er mogleg. Døme på tiltak er tilbod om leiarstøtte med aktiv oppfølging frå NAV arbeidslivssenter, bedriftshelsetenesta og Frisklivssentralen. I arbeidet blir det sett fokus på tilretteleggingsplikt frå arbeidsgjevarsida og medverknadsplikt frå arbeidstakar. Einingane gjer eit

godt arbeid både når det gjeld førebyggjande tiltak, tilrettelegging for tilsette og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

I 2015 har gjennomsnittleg sjukefråvær vore 4,9%. (I 2014 var det på 5,7 %.)

HEILTID/DELTID

Gloppen kommune har delteke i KS sitt to-årige prosjekt «Det store heiltidsvalet» frå hausten 2013. Målet er å legge til rette for at flest mogleg tilsette som ønskjer større stillingsprosentar skal få det. Innan helse og omsorg, der utfordringa er størst, jobbar 224 personar i deltidstilling og 58 personar i heiltidstilling pr desember 2014. (I 2013: 204 og 37.) Deltaking i prosjektet skal føre til nye måtar å tenkje på for å kunne gje stillingsauke.



Tre superveteranar som takka for seg i 2015 etter over 110 års samla fartstid i Gloppen kommune. Frå venstre: Arne Eikenes, Marit Rognes og Jostein Moldestad. Foto: Jan Kåre Fure.

Møte mellom leing og tillitsvalde

ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)

AMU hadde 6 møte i 2015. Aktuelle tema har vore: endra organisering av sjukefråværsgruppa og AKAN-utvalet, prosedyre for arbeid i HMS-gruppa, reglement for AMU, byggeplaner som krev samtykke frå Arbeidstilsynet, arbeidsmiljøprisen, orientering frå hovudverne-ombod og bedriftshelsetenesta, endring i

verneområde, (LAG), sjuke-fråvær og revisjon av HMS-dokument .

MØTE MED TILLITSVALDE

Det har i 2015 vore halde to møte mellom kommuneleing og organisasjonane sine hovudtillitsvalde. Forutan drøfting og evaluering av årets lønnsoppgjør

har det vore orientert om kommunereform, budsjett, skatteoppkrevjarfunksjon, IKT-kartlegging, og arbeid med revisjon av lokale personalreglement.

ADMINISTRASJONSUTVALET

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i personal- og organiseringssaker.

Sjå oversikta over møteaktivitet i kapitlet om politisk organisering og leiing.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris

Arbeidsmiljøprisen for 2015 vart tildelt Åsavegen bu- og avlastningsteneste, sjå side 47.

Tiltak for arbeidsmiljøet



Aktivitetsgruppa har i 2015, i tillegg til faste spinningtimar, stått føre ein del turar. Turane har vore av forskjellig lengde, slik at det har vore råd for alle å vere med. Bildet er frå turen til Trollenykjen. Ein svært fin tur som vi tilrår til alle. Foto: Anvor Hauge.

Aktivitetsgruppa som skal motivere og skape auka fysisk aktivitet, har vore i sving sidan 2011. Målet er betre helse og lågare sjukefråvær i kommunen, kort sagt: betre folkehelse.

Hovudaktiviteten har vore spinning ein ettermiddag i veka for alle tilsette i STIL-stova, der dei fleste sektorane i kommunen har vore med, og fjellturar. Også her har mange vore med.

Kurs i baking av trontekake på heradshuset. Trontebakarane er f.v. Grete Liv Tisthamar, Trine Alme, Mariann Brynestad Skaaden og Inger-Helen Sivertsen. Kurshaldar var nærings sjefen. Foto: Jan Kåre Fure (som «kom forbi»).



Mål og resultat for Gloppen kommune

I kommuneplanen for perioden 2008-2020 (vedteken av kommunestyret den 10. november 2008) har kommunen desse visjonane i dei ulike rollene:

- som tilretteleggjar: - Vi skal gjere andre gode!
- som organisasjon: - Vi kan alltid bli betre!
- som tenesteproducent: - Eg er offentleg tilsett – eg er her for å hjelpe deg!

Kva er gjort i 2015 for å følgje opp dette?

| Område | Tiltak i 2015 |
|-------------------|--|
| - Tilrettelegging | <ul style="list-style-type: none"> – Tettare samarbeid med frivillige lag og organisasjonar – fokus på møteplassar for seniorar og eldre – Velferdsteknologi – fokus og kompetanseheving innad i organisasjonen og ut i kommunen – Støtte til breibandutbygging i Indre Gloppen (Ryssdalen, Kjørvika) og i Kandalen – Kommunal næringsssjef tok til i nyoppretta stilling – I samband med overtakinga av leiarvervet og sekretariatansvaret for Nordfjordrådet tilsette vi ein rådgjevar i full stilling som skal arbeide med sentrumsutvikling i den kommunale delen av stillinga – Øvregata (Nordstrandsvegen) gjennom Sandane sentrum vart gjort ferdig |
| - Organisering | <ul style="list-style-type: none"> – Talet på valkrinsar vart redusert frå 16 til 6 framfor kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 – Kommunalt planforum vart etablert som eit administrativt kompetanse- og samarbeidsteam i plansaker – Kommunen sine kraftstasjonar i Gloppeelva vart overførde til Gloppen Energi AS som samstundes fekk SFE Produksjon AS kjøpe 30 % av aksjane. – Som ein del av avtalen med SFE og Gloppen Energi AS m m vart Gloppen Energi AS sine aksjar i SFE ført tilbake til Gloppen kommune – Sakshandsamarressursar samla i helse og omsorg for tildeling av helse- og omsorgstenester, samt systemansvar fagprogram – Delteke i prosjektet det store heiltidsvalet – større fokus på heiltid i kommunen – Vi brukte over 9 millionar i 2015 for å forbetre kommunen sine IKT-løysingar – Eigedomsavdelinga vart samlokalisert med uteseksjonen i nye lokale i Eidsmona |
| - Tenesteyting | <ul style="list-style-type: none"> – Første byggjesteig Gloppen ungdomsskule fullført – Kommunestyret vedtok å auke talet på busetjing av flyktningar – Vi inngjekk avtale med Jølster kommune om opplæring av mindreårige asylsøkjjarar – Kvardagsrehabilitering er implementert som teneste – Saksbehandling og tenestetildeling innan helse- og omsorg er samla for heile kommunen – Helsefagarbeidarutdanning for framandspråklege – økonomisk støtte og praksisplassar – Kommunalt tilbod for akutthjelp med døgnopphald (KAD) – Kommunen tok over Moane, Vereide og Reed vassverk og inngjekk avtale om overtaking av Eikenes og Hestenes vassverk |

Tenesteområda

Rekneskaptala som er presenterte i dette kapitlet følger den sektorinndelinga for hovudutvala, der formannskapet også blir behandla som eit hovudutval.

Hovudtal for 2015

| | Rekneskap 2015 | Budsjett Forbruk 2015 | i % |
|-------------------------------|-------------------|--------------------------|-----|
| Formannskapet | 27 930 803 | 25 156 000 | 111 |
| Oppvekstutvalet | 125 086 877 | 123 307 500 | 101 |
| Helse- og omsorgsutvalet | 151 751 716 | 155 592 500 | 98 |
| MULTEK-utvalet teknisk sektor | 28 506 547 | 28 026 000 | 102 |
| MULTEK-utvalet kultursektoren | 20 379 082 | 18 478 000 | 110 |
| Sum hovudutval | 353 655 024 | 350 560 000* | 101 |
| Sum finansiering | 356 963 560 | 350 560 000* | 102 |
| Overskot | 3 308 536 | 0 | |

I dette talet ligg det inne 1,7 mill kr frå disposisjonsfondet til å dekke budsjettert underskot. Desse midlane er ikkje brukt, dvs det reelle overskotet er på 3,3 mill kr + 1,7 mill kr = 5,0 mill kr.

Kort fortalt viser tabellen viser at drifta av sektorane samla sett har vore nesten 3,1 millionar høgare enn budsjettert. Finansieringsansvaret har ei meirinntekt på vel 6,4 millionar i høve til budsjettet, og dette gjev då eit driftsoverskot på ca. 3,3 millionar. På finansieringskapitlet er det overføringane for mottak og busetting av flyktningar som utgjer hovudposten på plussida.

Formannskapet

Ressursinnsats for kvart tenesteområde

| | Rekneskap 2015 | Budsjett Forbruk 2015 | i % | Rekneskap 2014 |
|--|-------------------|--------------------------|------------|-------------------|
| Politisk styring | 2 689 771 | 2 425 000 | 111 | 2 235 301 |
| Kontroll og revisjon | 801 429 | 930 000 | 86 | 823 423 |
| Administrativ leing | 5 414 541 | 4 873 000 | 111 | 4 991 803 |
| Økonomiavdeling | 4 539 706 | 4 383 000 | 104 | 5 673 578 |
| Servicetorg | 2 139 692 | 1 844 000 | 116 | 4 415 490 |
| Felles IT - drift | 3 267 669 | 3 478 000 | 94 | 3 195 099 |
| Skatteoppkrevjing | 1 018 272 | 987 500 | 103 | 0 |
| Arkivtenesta | 1 682 415 | 1 635 500 | 103 | 0 |
| Personalkontor | 1 557 964 | 1 546 500 | 101 | 0 |
| Anna felles drift | 2 681 269 | 2 108 500 | 127 | 2 416 569 |
| Diverse fellesutgifter | 105 237 | 80 000 | 132 | 485 134 |
| Anna førebyggjande helsearbeid | 0 | 0 | 0 | -36 499 |
| Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma | 0 | 0 | 0 | -1 122 |
| Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid | -31 762 | 0 | 0 | -34 275 |
| Pleie, omsorg og hjelp i heimen | 0 | 0 | 0 | 309 222 |
| Kommunalt disponerte boligar | 194 722 | 110 000 | 177 | 0 |
| Etablering og oppretth av eige bolig | -12 908 | 0 | 0 | -17 906 |
| Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde | 1 464 966 | 357 500 | 410 | 0 |
| Kommunal næringsverksemd | 0 | 0 | 0 | -24 477 |
| Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet | 266 455 | 217 500 | 123 | 756 104 |
| Samferdslebedrifter/transporttiltak | 151 364 | 180 000 | 84 | 318 031 |
| TOTALT | 27 930 803 | 25 156 000 | 111 | 25 505 475 |

- er lik mindreforbruk.

Overskridinga på nesten 2,8 millionar skuldast i hovudsak tre av tenestene:

- **Administrativ leiing**, der lønnsføringa ikkje har vore i samsvar med det budsjettet. Vi har i budsjettet ikkje greidd å fange opp dei organisasjonsendringane som vart gjorde i 2014, og som førte til at alle sektorleiarane skulle lønnsførast på tenesta for administrativ leiing. På tenesta er lønnsført rådmannen sjølv og dei fem sektorleiarane i kommunen (organisasjonssjefen, oppvekstsjefen, helse- og omsorgssjefen, teknisk sjef og kultur- og utviklingssjefen)
- **Anna fellesdrift**, der vi har brukt vesentleg meir i annonsering enn budsjettet
- **Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde**, som er kommunale utgifter til breibandutbygging på Rye og Føleide, i Kandalen, Kjørvika, Ryssdalen og Ryssdalsneset. Den kommunale kostnaden med desse utbyggingane skulle dekkast av disposisjonsfondet. Det har ikkje blir gjort, med unntak av utbygginga på Rye og Føleide.

Kort om året 2015

Arbeidet med kommunereforma har vore hovudsak i 2015. Med to parallelle utgreiingar: Sunnfjord-alternativet og Nordfjord-alternativet store deler av 2015, har «nabopraten teke mykje tid». Rådmannen omtalar dette nærare på side 6 og 7 i årsmeldinga.

I august avgjorde kommunestyret at dei tre kraftstasjonane til kommunen skulle overførast til den kommunale selskapet Gloppen Energi AS, og at Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) ved sitt produksjonsselskap SFE Produksjon AS skulle får kjøpe 30 % av aksjane i Gloppen Energi AS. Overføringa av stasjonane og sal av aksjane vart gjennomførte ved årsskiftet 2015/2016. Samstundes var kommunen sine aksjar i SFE ført tilbake frå Gloppen Energi AS til Gloppen kommune. Det vart til slutt stor politisk semje om saka.

Investeringar i 2015

Kommunen har i 2015 investering i system for å vise kommunestyremøta på nett. Løysinga er sett i drift.

Hausten 2014 starta kommunen opp arbeidet med å modernisere ikt-infrastrukturen i kommunen. Det er etablert fibersamband til «alle» kommunale einingar og datanettverket på desse einingane er oppgradert. Det er installert trådløst nett overalt. Vidare er dårlege datamaskinene skifta ut med nye, moderne datamaskiner på mange einingar. Dette utskiftingsarbeidet held fram i 2016. Målet med desse endringane er å gjere dei tilsette meir effektive ved at dei ikkje skal bruke mykje av dagen til «plunder og heft» med dårlege ikt-løysingar. Dette skal vidare frigjere tid til å levere enno betre kommunale tenester til dei som bur i Gloppen. Til saman har vi investert for over 9 millionar i ikt-løysingar i 2015.

Gjennom samarbeidsavtalen mellom SFE nett, Eninvest og kommunen («Firdanettavtalen») har vi ved fleire av desse utbyggingane tilrettelagt for at næringsliv og privatkundar kan få tilgang til fiber-

2015 var valår, og eit nytt politisk mannskap tok over leiinga av Gloppen kommune 2. oktober 2015. Gjennomføringa av valet gjekk prikkfritt. Den nye politiske leiinga har høge mål for utviklinga av Gloppen som lokalsamfunn. Dette er inspirerande, men også utfordrande for ein administrasjon som i stor grad er driftsfokusert.

Arbeidet med budsjett og økonomiplanen for 2016-2019 viste at kommuneøkonomien er stram, og vil truleg vere det i åra framover. Kommunestyret var samrøystes på alle tiltaka i økonomiplanen, der ferdigstillinga av Gloppen ungdomsskule vart største investeringa når vi ser vekk frå transaksjonane som må gjerast i samband med overføringa av kraftstasjonane til Gloppen Energi AS og tilbakeføringa av aksjane i SFE.

nett. Døme på dette er samarbeidet om legging av fiber Sandane – Reed – Byrkjelo som både har gitt alle dei kommunale einingane på Byrkjelo og Reed fibertilgang og har opna for fibertilgang til innbyggjarane i Indre Gloppen og Kandalen.

I 2015-rekneskapan er ført innløyingssummen på SFE sine investeringar i kraftstasjonane i den tida dei har leigd stasjonane. Restverdien var ved årsskiftet 2015/2016 om lag 25,3 millionar. Denne summen er utbetalt til SFE i 2015 og finansiert med lån.

Flyktningstraumen til landet viser også att i Gloppen, som har takka ja til å auke busettinga av flyktningar. For å følgje opp dette er det i 2015 brukt nesten 7,3 millionar til kjøp av bustader. Dette gjeld to bustader på Søreide og betaling for bustadene i Myklebusttunet på Kleivedammen, som blir klare til innflytting i 2016. Bustadene i feltet er bygt etter den såkalla «Hamarøy-model-len», som gjev ei blanding av kommunale og privateigde husvære. Målgruppa for den kommunale delen er unge og vanskelegstilte.

Oppvekstutvalet

Ressursinnsats for kvart tenesteområde

| | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Forbruk i % | Rekneskap 2014 |
|---|--------------------|--------------------|----------------|--------------------|
| Førskule | 35 198 974 | 34 973 500 | 101 | 36 063 389 |
| Grunnskule | 65 982 822 | 65 726 000 | 100 | 63 197 926 |
| Styrka tilbod til førskulebarn | 4 376 323 | 3 795 000 | 115 | 3 186 660 |
| Vaksenopplæring | 2 428 612 | 2 820 500 | 86 | 2 102 450 |
| Skulefritidstilbod | 1 230 977 | 1 385 500 | 89 | 1 549 171 |
| Førskulelokale og skyss | - | - | 0 | 41 600 |
| Skulelokale | 3 065 660 | 3 068 000 | 100 | 3 401 604 |
| Skuleskyss | 2 814 203 | 2 676 000 | 105 | 2 725 215 |
| Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste | 3 179 153 | 4 051 000 | 78 | 3 740 637 |
| Barneverntenesta | 1 609 875 | 2 357 000 | 68 | 2 111 126 |
| Barneverntiltak i familien | 1 503 879 | 770 500 | 195 | 730 518 |
| Barneverntiltak utanfor familien | 3 696 398 | 1 675 000 | 221 | 2 512 662 |
| Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid) | - | 9 500 | 0 | - |
| TOTALT | 125 086 877 | 123 307 500 | 101 | 121 362 956 |

- er lik mindreforbruk.

Sprekken på førskuleområdet kjem i hovudsak av auka utgifter til ikkje-kommunale barnehagar. Utgiftsauken her har to grunnar: Prosentdelen av finansieringa vart auka til 100 og korleis borna fordeler seg i barnehageopptaket. Styrka tilbod til førskuleborn har eit overforbruk grunna fleire vedtak om dette etter sakkunnig tilråding (lovbestemt rett). Auken på dette tenesteområdet har vore stor dei siste åra, men vi vonar å kunne snu denne tendensen med fleire pedagogar i barnehagane og team for tidleg innsats. Det er likevel grunn til å tru at dette er ei god investering for kommunen, då vi ved satsing på borna allereie i barnehagen truleg kan førebyggje spesialundervisning i grunnskulen og drop out i vidaregåande.

Grunnskuleområdet kom ut om lag som budsjett. Vaksenopplæringa har eit mindreforbruk, sjølv om vi der har brukt monaleg meir pengar enn budsjettet. Årsaka til dette ligg i meir sal av tenester enn budsjettet, då vi ila året fekk opplæringa for asylmotaket på Skei.

SFO-ordningane leverer samla eit overforbruk som hovudsakleg skriv seg frå at færre enn budsjett-

tert har nytta ordningane, utan at vi etter regelverket har hatt høve til å redusere bemanninga.

På skulelokale er det berre rekningane frå Trivsels- hagen som vert førde. Skuleskyssen har overforbruk fordi billettkostnadene vart auka meir enn vi hadde teke høgde for.

Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste har eit markant mindreforbruk som i hovudsak kjem av at kommunepsykologen har hatt permisjon haust- halvåret. Tenesta har hatt god styring og halde utgiftssida med god margin.

Barnevernstenesta leverer gode resultat, men har eit monaleg meirforbruk på botnlina når det gjeld barnevernstiltak både i og utanfor familien. Dette skuldast at tenesta er hendingsstyrt og soleis vanskeleg å budsjettere. Tenesta har ei lovfesta handlings- plikt som nokre år kan gje store meirutgifter.

Samla sett har sektoren eit meirforbruk på nesten 1,8 millionar. Dette skuldast i hovudsak veksten i styrka tiltak for barnehageborn og at barneverns- tenesta ila året har vore nøydde til å iverksetje rela- tivt dyre tiltak.

Kort om året 2015

- Vidareføring av Team for Tidleg Innsats i PPT for arbeid med tidleg innsats i barnehagane
- Oppstart av resultatleingsprosjekt for alle barnehagane i kommunen
- COS (Circle of Security)-opplæring i fleire av barnehagane i kommunen
- Godt med barnehageplassar i kommunen, med unntak av Breim der vi ikkje kunne tilby alle som ynskte det plass
- 20 % migrasjonspedagogstilling etablert i Mona barnehage
- I ungdomssteigsatsinga (Lesing i alle fag) deltek alle skulane
- Etablert PALS-nettverk mellom Breim, Nordstranda, Hjelle (Eid) og Haugen (Eid) skular

- Av med sekken, på med beltet-aksjon i samarbeid med politiet og Trygg Trafikk for alle skulane på hausten
- Byggjeprojekt på Gloppen ungdomsskule kom i godt gjenge
- Vidareføring av arbeid med utvikling av gjennomgåande klima-/miljøfag i samarbeid med Firda vidaregåande skule
- GOS teke på seg opplæring av asylsøklarane i mottaket på Skei
- Utprøving av innføringsklasse for framandspråklege elevar i grunnskulealder ved Sandane skule.



Frå skuleåret 2015/2016 kunne Gloppen opplæringscenter endeleg ta i bruk dei nyoppussa lokala i Sandalsbygget på Sandane. Overrekking av blomster og lukkeønskingar var siste offisielle opning av ordførar Anders Rysdal. Rektor Frode Fagerli tar imot. T. h. huseigar Svein-Ottar Sandal. Foto: Jan Kåre Fure.

Investeringar i 2015

Sjølv om det aller meste av arbeidet som vert gjort i sektoren kan sjåast som investering, er det i rekneskapsamanheng i hovudsak nybygg, kostbart utstyr, større renoveringsprosjekt og infrastruktur som vert rekna som investering. IKT-investeringane har halde fram, og dei fleste skulane har no fått fleire digitale tavler. Dette er verkty vi gjerne skulle rulla ut i full skala, men budsjettet dette året gav ikkje rom for det.

Det er framleis stort behov for investeringar på IKT-området i sektoren.

Det tunge prosjektet både finansielt og arbeidsmessig er ombygginga som starta ved Gloppen ungdomsskule. I Hyen ventar vi på å kunne starte renoveringa av skulen og i 2015 har utbetring av arbeidsplassane for lærarar ved Nordstranda skule vorte planlagd. Denne utbetringa vert gjort våren 2016, men utløyser behov for meir areal til elevane.

Statistikk og tendensar

I KOSTRA, GSI (GrunnSkolens Informasjonssystem) og Skoleporten ligg det mykje statistikk for sektoren tilgjengeleg for den som vil lese det. Vi presenterer her kort nokre tendensar henta derfrå og frå eigne data.

- Vi har god kapasitet på barnehageområdet og ledige plassar i fleire barnehagar. Dette gjev oss høve til å ta inn born som kjem til kommunen gjennom året. Unntaket er i Breim der barnehagen er full
- Nesten alle lærarar i Gloppeskulen har godkjend utdanning, men den nye kompetanseforskrifta gjev utfordringar. Totalt må vi etterutdanne minst 39 halvårseiningar på barnesteget og 13 årseiningar på ungdomsteget for å oppfylle denne

- Snittet i Gloppen ligg under snittet i fylket og landet på nasjonale prøver i engelsk, lesing og rekning (5. årssteget). På 8. årssteget ligg vi også under snittet for fylket og landet på alle tre områda. Det er likevel positivt at vi har markert færre på lågaste nivå på ungdomssteget i høve både landet og fylket
- Det er ingen ungdomsskuleelevar som tek fag på vidaregåande nivå dette året
- Avgongselevane i Gloppen hadde gjennomsnittleg 41,0 grunnskulepoeng, fylket 41,2 og nasjonalt 40,8
- Det er ein tydeleg tendens mot meir styrka tiltak i barnehagane og meir spesialundervisning i skulen
- PPT opplever stor vekst i tilmeldingar
- Helsestasjonen har styrkt arbeidet ut mot skulane, mykje arbeid med innvandrarak og godt besøk på helsestasjon for ungdom.

Spesielle hendingar i 2015

- Gloppen ungdomsskule fylte GU-salen med Grease-oppsetjinga
- Gloppen ungdomsskule vart tredje beste laget i landsfinalen i KappAbel
- GOS vaks frå 60 til 128 elevar og fekk renovert og auka areal
- Frode Fagerli gjekk av med pensjon etter lang og tru teneste ved årsslutt
- Fibertilgong på plass ved alle einingane.

Leiarskifte ved Gloppen opplæringsenter. Avtrop-pande rektor Frode Fagerli ønskjer sin etterfølgjar Sonja Jordanger Loen lukke til med ny jobb frå 1. januar 2016. Foto: Jan Kåre Fure.



Utvikling over tid

GJENNOMSNIITTEG TOTALKOSTNAD PER ELEV I GRUNNSKULEN

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|---------------------------------|---------|---------|---------|--------|--------|
| Netto driftsutgift ¹ | 83 754 | 80 999 | 78 888 | 75 454 | 69 396 |
| Elevtal ² | 777 | 777 | 747 | 743 | 772 |
| Kostnad per elev ³ | 113 331 | 110 403 | 103 058 | 97 879 | 90 885 |
| Endring i % frå året før | 2,7 | 7,1 | 5,3 | 7,7 | 2,0 |

¹ Tal frå KOSTRA (Netto driftsutgifter til grunnskule (202) per elev). I årsmeldinga for 2014 vart det nytta eit anna talgrunnlag, så desse tala for 2014 og 2015 er ikkje samanliknbare.

² Tal frå GSI

³ Tal frå KOSTRA (korrigerde brutto driftsutgifter til grunnskule, skulelokale og skuleskyss, per elev)

KOSTNAD PER BARN I BARNEHAGEN

Kommunen har no tre kommunale og fem private barnehagar.

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|--------------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Netto driftsutgift ¹ | 141 178 | 140 380 | 113 940 | 105 369 | 96 813 |
| Talet på barn i kommunale barnehagar | 158 | 176 | 169 | 170 | 180 |
| Talet på barn i alle barnehagar | 282 | 286 | 295 | 293 | 287 |
| Prosentdel born i kommunal barneh. | 56,0 | 61,5 | 57,3 | 58,0 | 62,7 |
| Kostnad per barn ² | 201 262 | 178 774 | 156 023 | 158 982 | 135 103 |
| Styrka tilbod til førskuleborn | 120 396 | 87 104 | * | * | * |

* Ikkje rapportert

¹ Tal frå KOSTRA (Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år)

² Tal frå KOSTRA (korrigerde brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage).



Vigdis Henden tok til som rektor ved Hyen skule og barnehage 1. desember 2015. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

PPT

PPT er samlokalisert med barnevern og helsestasjon. Tilhøva ligg soleis godt til rette for eit tett samarbeid på ulike område.

Frå 01.08.14 vart team for tidleg innsats i barnehagane knytt til PPT som eit forsøk. I teamet er det to tilsette og teamet vart vedteke vidareført. Tilbakemeldingane frå barnehagane og foreldra er at dette er eit lågterskeltilbod som fungerer godt. Leiar for PPT fullførte vår 2015 leiarutdanning i SEVU-PPT ved NTNU. Dette er ein del av ei nasjonal satsing på PP-tenesta. Team for tidleg innsats (TTI) og ein av sakshandsamarane er skulerte i «Circle of security

parenting», og har teke i bruk denne metoden i foreldrerettleing.

I 2015 hadde kontoret 193 saker. Kring 15 % av sakene gjeld barnehageborn, vel 60 % gjeld grunn-skule og om lag 10 % gjeld vidaregåande skule. Stor pågang av nye saker medfører lenger ventetid. Samanheng mellom individ- og systemarbeid og god kvalitet på både tilpassa opplæring og spesial-undervisning er viktige stikkord.

Tre av dei tilsette har dette året kursa seg på fleirkulturalitet og fleirspråklegheit. Dette er ei område det er viktig å få auka kompetansen på både i PPT og i einingane som arbeider med borna til dagleg.

Helsestasjonen

Hausten 2015 fekk helsestasjonen invitasjon og takka ja til eit treårig prøveprosjekt i regi av Helsedirektoratet og barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Prosjektnamn : «Ein god barndom varer livet ut» og er eit

samarbeidsprosjekt mellom famlievernkontoret på Nordfjordeid og Gloppen helsestasjon. Målet med samarbeidet er å oppdage og gje tidleg hjelp til barn og familiar med relasjonsvanskar

Fødselstala dei siste 10 åra utifrå helsestasjonen sine fødselsmeldingar og flyttemeldingar

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2006 | 2005 |
|------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Fødde i kommunen | 60 | 67 | 48 | 70 | 57 | 67 | 63 | 72 | 58 | 61 | 59 |

Barnevernet

Barneverntenesta i Gloppen har fagleg ansvar for einslege mindreårige flyktningar som vert busett i kommunen. Etter oppmoding frå IMDI auka Gloppen kommune hausten 2015 talet mindreårige flyktningar frå 5 til 8. Bvt gjer vedtak på alle desse ungdommane, og har jamlege evalueringar av korleis det går med dei. Bvt har leigd eit husvære nær Annekset, som vi definerer som ein del av Annekset (bukollektiv for einslege mindreårige flyktningar) og tilsett ekstra

personell. Ungdommane kjem utan føresette til Noreg. Dei tilsette ved Annekset er viktige omsorgsytarar, og fokus er å gje best mogleg omsorg, klære rammer og god opplæring, slik at dei på sikt skal greie seg sjølv og bli gode medborgarar.

Det var gledeleg at barneverntenesta i Gloppen kom på 2. plass i ein nasjonal skåring av brukartilfredshet mellom dei som fekk hjelp frå barneverntenesta. Samtidig som vi har fått positiv medie-

omtale, har vi og hatt ei tilsynssak i 2015 der Fylkesmannen påpeika lovbrøt. Vi har som følgje av den konkrete tilsynssaka revidert rutinar og iverksett tiltak for å forbetre handtering av meldingar, med særleg fokus på skilje mellom meldingsgjennomgang og under-søking. Eg vurderer at barneverntenesta i Gloppen har lært av saka. Lov om barnevern og aktuelle forskrifter krev at vi stadig må halde oss oppdatert i høve nye lover og forskrifter. Fagprogrammet Familia integrerer fortløpande endringane, og vi har definert ein superbrukar som ser til at vi følg opp sakene i tråd med lov og forskrift, slik fagprogrammet legg opp til.

Skal vi vere fagleg i stand til å møte meir komplekse oppgåver, må vi styrke kompetanse. Ein tilsett er i gong med vidareutdanning i Familieterapi. Kompetansen høver godt opp mot hennar særlege ansvar for fosterbarn og fosterforeldre, der det kan vere mange utfordringar både i barna sin eigen familie og i fosterfamilien. Ein annan tilsett er i gong med vidareutdanning ift spe- og småbarns psykiske helse, og vi nyttar denne kompetansen i under-søkingssaker og andre saker som gjeld dei minste barna. Det er krevjande at 2 av 4 fagstillingar er i vidareutdanning, men dei tilsette yter det vesle ekstra som gjer at vi kjem i mål med saker innan tidsfristar.

Gloppen er vertskommune for barnevernet sitt interkommunale tiltaksteam for Eid, Gloppen og Stryn. 2015 var prega av mykje sjukefråvær. Trass svekka kapasiteten har teamet levert gode omsorgs- endrande tiltak i mange saker. Hausten 2015

bestemte ein å vidareføre satsinga på metoden VIT(Video Intervention Therapy) i samarbeid med tiltaksteam i Førde/Gaular. Vi får støtte frå Bufetat med fagleg rettleiing av tiltaksteamet frå psykologspesialist Bjørn Ove Langlo. Vi har to heile stillingar i teamet, men ser behov for å styrke teamet med ei stilling. Fylkesmannen bidreg med midlar til ei av dei to stillingane.

Talet barn under omsorg auka i 2015, og det medfører auka utgifter. Det framgår av årsrekneskapan at vi har brukt meir midlar enn budsjettert.

Dagleg drift i barneverntensta handlar i stor grad om å ta imot bekymringsmeldingar, vurdere desse, undersøkje saker og yte ulike former for tiltak for å bøte på utfordringane ein avdekkjer. Vi vel difor å endre innhaldet i talmateriale vi presenterer i årsmeldinga. Vi syner no tal meldingar, henlagde meldingar, undersøkingar, henlegging etter under-søking. Vidare tal barn(og evt vidareført 18-23) under omsorg, samt tal einslege mindreårige med omsorgstiltak.

| Statistikk frå barneverntenesta | 2015 | 2014 |
|-----------------------------------|------|------|
| Mottekne meldingar | 33 | 41 |
| Henlagde meldingar | 7 | 2 |
| Undersøkingar | 25 | 37 |
| Henlagt etter undersøking | 7 | 20 |
| Plasseringar (Lbvt.) | 12 | 9 |
| Omsorgstiltak einsleg mindreårige | 8 | 5 |



Dei tilsette i barneverntenesta i Gloppen som ligg heilt i Norgestoppen i brukarundersøkingane om barnevern. F.v. barnevernsleiar Per Ståle Husevåg, saksbehandlar Janne Alander, tiltakskonsulentane Brynhild Jürgensen og Torhild Vabø, barnevernskonsulent Gerd Ynnesdal og saksbehandlar Liv Rønnekleiv. Foto: Gerd Heimseter Aa.

Helse- og omsorgsutvalet

Ressursinnsats for kvart tenesteområde

| | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Forbruk i % | Rekneskap 2014 |
|---|--------------------|--------------------|----------------|--------------------|
| Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste | 172 076 | 163 000 | 106 | 188 882 |
| Anna førebyggjande helsearbeid | 3 000 | 15 000 | 20 | 3 000 |
| Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma | 6 625 531 | 7 358 000 | 90 | 5 754 749 |
| Diagnose, behandling og re/habilitering | 14 942 882 | 15 493 500 | 96 | 14 551 993 |
| Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid | 4 360 553 | 4 286 000 | 102 | 4 172 626 |
| Tilbod til personar med rusproblem | 30 635 | 20 000 | 153 | 20 140 |
| Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon | 20 527 414 | 20 511 000 | 100 | 21 649 507 |
| Pleie, omsorg og hjelp i heimen | 95 307 374 | 98 886 000 | 96 | 95 895 480 |
| Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester | 229 469 | 13 000 | 1765 | 80 450 |
| Kommunalt disponerte boligar | 431 736 | 290 000 | 149 | 325 802 |
| Kommunale sysselsetjingtiltak | 1 233 342 | 1 217 000 | 101 | 1 193 620 |
| Introduksjonsordninga | 4 162 164 | 3 800 000 | 110 | 3 798 001 |
| Kvalifiseringsprogrammet | 273 110 | 540 000 | 51 | 148 928 |
| Økonomisk sosialhjelp | 3 452 428 | 3 000 000 | 115 | 2 911 671 |
| TOTALT | 151 751 716 | 155 592 500 | 98 | 150 694 849 |

- er lik mindreforbruk.

Anna førebyggjande helsearbeid:

Liten post på kr 15.000,- til å støtte ulike førebyggjande tiltak som t.d rusfri 16.mai natt. Forbruket vil variere avhengig av aktivitetar som vert sette i gong i løpet av året.

Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma

Her er eit underforbruk grunna vakansar gjennom året, refusjonar og meir inntekter en budsjettert

Diagnose, behandling og re/habilitering

Underforbruket skuldast større inntekter enn budsjetter grunna ulike refusjonar. Vi har også hatt noko vakanse og vikarutgifter som er lågare enn dei ordinære lønnsutgiftene.

Råd og rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid

Årsaka til meirforbruk var litt høgre vikarutgifter enn budsjettert i samband med foreldrepermisjon.

Tilbod til personar med rusproblem

Meirforbruk i samband med støtte til Gloppen etterverngruppe, samt til enkelttiltak i kommunal regi i samband med rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar. Ein liten budsjettpost der forbruket vil variere ut frå den enkelte sitt behov for oppfølging og støtte.

Pleie, omsorg og hjelp i heimen

Underforbruket skuldast hovudsakleg høgre inntekter på ressurskrevjande brukarar enn budsjettert samt sjukelønnsrefusjonar.

Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester

Overforbruket skuldast lågare tilskot frå helseføretaket enn det som var budsjettert.

Kommunalt disponerte boligar

Meirforbruk skuldast fleire busette flyktningar enn planlagt.

Introduksjonsordninga

Meirforbruk grunna busetting av fleire flyktningar enn planlagt.

Kvalifiseringsprogrammet

Mindreforbruk på 49% fordi det synt seg at det var færre søkjarar til programmet enn forventet.

Økonomisk sosialhjelp

Meirforbruk på 15%. Å budsjettere på denne tenesta er vanskeleg, og det er heller ikkje enkelt å peike på enkeltfaktorar som årsak til meirforbruket. Vi ser likevel at talet busette flyktningar påverkar utgiftene til økonomisk sosialhjelp. Det høge busettjingsstalet i 2015 var nok den viktigaste enkeltfaktoren til meirforbruket.

Investeringar i 2015

Garderobe/ pauserom Åsateigen

I eininga Åsateigen vart arbeidet med pauserom og garderobe ferdigstillt.



Nokre av dei tilsette på Åsateigen. F.v. Marie Evebø Sæthre, Karin Fredheim, Kristin Mardal, May Britt Sausjord, Eli Glomnes, Berte Kårstad og Anne Karin Evebø. Foto Trine Krogh.

Spesielle hendingar i 2015

Kvardagsrehabilitering

Vi har i 2015 implementert kvardagsrehabilitering som teneste og prosjektet er avslutta. Dette er ei positiv satsing med faglege og tverrfaglege utfordringar for dei tilsette. Det gjev positiv gevinst for pasientane som får betra funksjonsnivå. Pasientar og pårørande er oftast er svært fornøgde. Vi føl opp med jevnlege erfaringsmøter for å sikre fortsatt fokus på kvardagsrehabilitering i tenestene.



Tverrfagleg team på Sandane. F.v. Hilde Sætren, Malin Stubshaug, Helen Sårheim og Grete Gausdal. Foto: Kari Ann Krogh.

Kommunalt tilbod for akutthjelp med døgnopphald (KAD)

KAD-plassar på Gloppen omsorgs-senter har vore i drift eit år Dette har vore spennande og utfordrande, og vi gjer oss fortsatt erfaringar.



«KAD-gjengen» på omsorgssenteret: F.v. Jorunn Landstad, Svanhild Solheim og Anne Elise Solberg. Foto: Iren Knutsen Utheim.

Frisklivssentralen

Vi ser ein merkbar auke i tilvising og deltaking i fleire av tilboda i Frisklivssentralen.

Eit nytt tilbod har vore Lærings- og meistringstilbod til pasientar med diabetes type 2 . Tilbodet består av 4 kursøktar med tema som skal bidra til å gjere pasientane best mogeleg rusta til å leve med

sjukdomen. Tema på kurset: Kva er diabetes, behandling, kost, trening, blodsuktermåling, injeksjonsteknikk, diabetes fot. Målet er å bidra til varig livsstilsendring gjennom å auke kunnskapen og å knytte pasientane til eksisterande tilbod ved frisklivssentralen som treningsgrupper og bra-mat-kurs.

Tilbodet vert gjennomført i grupper, eventuelt individuelt dersom behov for det.

Besøk på NAVE hjortefarm

Frå Gotatoppen, Oreteigen og dagtilbodet Inn på tunet reiste fleire pasientar på dagsutflukt til NAVE hjortefarm. Turen vart dekkja av demensforreininga og var til stor glede.

Velferdsteknologi

I 2015 har vi i tenestene hatt stor satsing på velferdsteknologi. Vi har utarbeidd oversikt over aktuelle hjelpemiddel/utstyr og teknologiske løysingar som er aktuelt å prøve ut.

Det er arbeid for å auke kompetansen på velferdsteknologi blant kommunen sine tilsette gjennom internundervisning, kurs og arbeidslunsjar, 17 tilsette gjekk i gang med opplæringsprogrammet velferdsteknologiens ABC. Vi har også hatt fokus på nettbrett i heimetenestene. Hjelpemiddel og teknologiske løysingar som er tilgjengelege i kommunen for innbyggjarar og brukarar vert presentert i eiga brosjyre, på kommunale informasjonsskjermar i tillegg har vi vore ute og informert i lag og organisasjonar.

Vi har prøvd ut og kjøpt inn robotstøvsugarar. Vi er med i Fylkesprosjektet i Sogn og Fjordane der Gloppen er pilot på utprøving av elektroniske medisineringsdosettar.



Bente Sundal har leia arbeidet med velferdsteknologi.
Foto: Anita Lothe.

Seniortreff

Kommunen arbeider i lag med frivillegsentralen, pensjonistlaget, eldrerådet og frivillege om å etablere møteplassar for seniorar og eldre, samt utvikle allereie eksisterande møteplassar.

Det er etablert trimgruppe i lokalt bygdesamfunn, seniornett i Breim og Hyen er under planlegging og andre møteplassar er også under planlegging.

Det har vore arbeidt for å legge til rette med teleslynge i aktuelle bygg for møteplassar, då det er ein viktig føresetnad for å kunne delta. Vi har tru på at aktive og deltakande eldre gjev god helse! Frivillig arbeid i seg sjølv gjev engasjement og aktivitet og har stor verdi for dei som yt frivillig arbeid!

«Gyldne måltidsøyeblikk»

Gloppen kommunale kjøkken og Gloppen omsorgsenter deltok i fylkeskåringa i Landbruksministeren sin konkurranse om dei «Gyldne måltidsøyeblikk» i fylket og vart nr 2!



Foto: Laila Kandal.

Helsefagarbeidarutdanning for framandspråklege

Gloppen kommune, NAV og fylkeskommunen har samarbeidt om å utdanne framandspråklege helsefagarbeidarar etter ein eigen modell som til no har vore vellukka. «Gloppen modellen» får no nasjonal merksemd.



Bilde frå artikkel i Memu 3 – 2015.

Eigne saksbehandlarar i Helse og omsorgssektoren

Etter ynskje frå mange hald har vi omdisponert midlar og tilsett eigne saksbehandlarar i sektoren. Det er også etablert ei vedtaksnemnd som gjer vedtak om tildeling av tenester i Helse- og omsorgssektoren.



Årsturnus og auka grunnbemanning.

Vi har vore med i prosjektet «Det store heiltidsvalet». Målet er større stillingar og betre kontinuitet i arbeidet. I 2015 kom vi i gang med årsplan i nokre einingar. I tillegg har vi auka grunnbemanninga i nokre einingar etter politisk vedtak om å prøve dette ut.

Dei to nytilsette saksbehandlarane Linda Anette Sande (t.v.) og Evy Janne Berle Fjellestad. I midten Aud Ommedal som slutta ved nyttår. Foto Anita Lothe.

Utvikling over tid

| Teneste | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|--|------|------|------|------|------|
| Mottakarar av heimesjukepleie og praktisk hjelp | 380 | 359 | 359 | 354 | 376 |
| Mottakarar av støttekontakt | 66 | 60 | 63 | 73 | 65 |
| Mottakarar av omsorgslønn | 12 | 13 | 11 | 11 | 11 |
| Bebuarar i bustadar disponert til omsorgsføremål inkludert heildøgnsomsorg | 150 | 150 | 152 | 152 | 148 |
| Bustadar med bemanning heile døgnet | 67 | 67 | 67 | 65 | 65 |

Tal tenestemottakarar i heimetenestene har auka noko. Vi ser også ei endring i meir komplekse, omfattande og fagleg utfordrande saker. Dette er i tråd med forventingar som følgjer av reformer og endringar i forventningane til kva oppgåver kommunane skal løyse. Det utfordrar tenestene og er ressurskrevjande.

KOSTRA-tal per 31. desember.

Utvikling i liggedøgn

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|-----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Korttid/rehab. | 3.977 (90,8 %) | 3.889 (88,8 %) | 3.754 (85,7 %) | 4.726 (76,0 %) | 5.488 (88,4 %) |
| Langtidsplassar | 2.753 (94,3 %) | 2.920 (93,1 %) | 2.853 (85,2 %) | 2.769 (94,6 %) | 2.867 (89,0 %) |

I 2013 vart tal plassar redusert med 5. Då ser vi at beleggprosenten stig, men liggedøgn vert færre. I 2014 og 2015 har vi høg beleggprosent og har periodevis opplevd stort press på korttidsplassane.

Institusjonsplassar og ulike butilbod med og utan fast personale

Institusjonsplassar

Frå 24. juni 2013 vart talet på plassar i 1. etg. på Glopopen omsorgssenter redusert til 20. Tal plassar vart redusert med 5 fordi liggedøgns-statistikken sidan 2010 viste at vi hadde ein overkapasitet på korttidsplassar. I desember 2014 starta vi opp to KAD plassar (Kommunal akutt døgneining) som kjem i tillegg til dei 20 institusjonsplassane. Presset på korttidsplassane i 2015 har vore periodevis svært stort. Gloppen kommune har mange liggedøgn som kommunen har betalt for til spesialisthelsetenesta (85

i 2015). Forklaringa på dette er at det i periodar har vore meldt mange pasientar på kort tid med behov for institusjonsplass, og at det gjennom heile året også har vore lite sirkulasjon på korttidsplassane, grunna pasientar som ligg i avdelinga og ventar på bustad med eit høgare omsorgsnivå enn det ein kan gje dei i heimen. Dette har ført til at ein ikkje har klart å ta imot utskrivingsklare pasientar.

Bustad med personale tilgjengeleg heile døgnet
67 bustader på Sandane.

Bustad med personale tilgjengeleg deler av døgnet
50 bustader fordelt på Sandane, Hyen og Breim.

Bustad utan fast bemanning

37 bustader: på Sandane. 8 av desse bustadene har to soverom.

Avlasting for born og unge

Gloppen kommune har 4 avlastingsplassar på Solsikka, som er ein «institusjon» for barneavlasting. Plassane er jamleg i bruk, kvar helg og 1-2 døgn på kvardagar.



Dei tilsette i Hyen heimeteneste. F.v. Grete Gjengedal, Magnhild Solheim, Danute Baratziene, Oddrun Hjorteset Ommedal, Solgunn Eimhjellen, Anne Lise Solheim, Eva Kristin Rønnekleiv, Randi Hoddevik Ommedal og Oda Pedersen. Foto: Oddrun Hjorteset Ommedal.

MULTEK-utvalet – teknisk sektor og landbruk

Ressursinnsats for kvart område

| TEKNISK SEKTOR | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Forbruk i % | Rekneskap 2014 |
|---|-------------------|-------------------|----------------|-------------------|
| Administrativ leing | 618 771 | 463 000 | 134 | 1 526 787 |
| Eigedomsforvaltning | 2 869 398 | 2 268 000 | 127 | 3 237 954 |
| Gloppen heradshus | 850 818 | 959 000 | 89 | 824 298 |
| Interne serviceeiningar | - | 219 500 | 0 | - |
| Vaksenopplæring | 78 000 | 78 000 | 100 | 73 000 |
| Førskulelokale og skuss | 1 915 947 | 2 046 000 | 94 | 1 760 971 |
| Skulelokale | 9 421 512 | 9 435 000 | 100 | 8 713 591 |
| Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste | 134 836 | 176 000 | 77 | 127 861 |
| Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemma | 40 723 | 148 000 | 28 | 36 485 |
| Diagnose, behandling og re/habilitering | 317 864 | 432 000 | 74 | 306 616 |
| Barneverntenesta | 53 872 | 74 000 | 73 | 51 350 |
| Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon | -15 000 | -15 000 | 100 | 940 |
| Pleie, omsorg og hjelp i heimen | -53 346 | -431 000 | 12 | -686 377 |
| Gloppen sjukeheim | 2 378 029 | 2 828 000 | 84 | 2 208 334 |
| Kommunalt disponerte boligar | -6 860 260 | -5 163 000 | 133 | -5 637 406 |
| Etablering og oppretth av eige bolig | - | - | 0 | 209 300 |
| Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid) | -8 154 | 1 000 | -815 | -732 |
| Behandling av plansaker | 221 732 | 122 000 | 182 | 314 972 |
| Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering | -413 015 | -175 500 | 235 | 83 726 |
| Kart og oppmåling | 294 078 | 730 500 | 40 | 719 532 |
| Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak | -33 700 | - | 0 | 212 029 |
| Kommunal næringsverksemd | -187 760 | -250 000 | 75 | -195 134 |
| Konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg | - | - | 0 | 3 498 |
| Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet | 343 869 | - | 0 | 234 506 |
| Landbrukskontoret og landbruksnæringar | 3 322 851 | 3 519 500 | 94 | 3 142 587 |
| Samferdslebedrifter/transporttiltak | -114 286 | 157 000 | -73 | 26 955 |
| Kommunale veier, miljø og trafikksikkerhetstiltak og parkering | 7 869 449 | 5 311 000 | 148 | 5 627 367 |
| Kommunale vegar, nyanlegg, drift og vedlikehald | - | - | 0 | 34 764 |
| Parkar, torg og idrettsanlegg | 860 962 | 382 000 | 225 | 450 820 |
| Førebygging av brann og andre ulukker | 490 237 | 491 000 | 100 | 456 594 |
| Beredskap mot brann og andre ulukker | 3 705 029 | 3 654 000 | 101 | 3 470 471 |
| Produksjon av vatn | 1 161 754 | 1 058 000 | 110 | 1 466 476 |
| Distribusjon av vatn | -1 161 754 | -1 048 000 | 111 | -1 466 135 |
| Avløpsrensing | 5 240 401 | 5 787 000 | 91 | 5 572 135 |
| Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn | -5 240 401 | -5 780 000 | 91 | -5 583 000 |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 3 549 | 21 000 | 17 | -9 828 |
| Museum | - | 48 000 | 0 | - |
| Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg | 374 514 | 361 000 | 104 | 356 300 |
| Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg | 3 564 | 70 000 | 5 | - |
| Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg | 22 463 | 49 000 | 46 | 19 000 |
| Kommunale kulturbygg | - | - | 0 | 3 853 |
| TOTALT | 28 506 547 | 28 026 000 | 102 | 27 694 457 |

- er lik mindreforbruk.

Kort om 2015

ORGANISERING

Organiseringa av teknisk avdeling er tilbake til ein kjent struktur, med nokre få justeringar for å kunne utnytte tilgjengeleg personell best mogeleg.

MEDARBEIDARAR

Per Ove Fossheim tok over som ny einingsleiar på kommunalteknikk då Jostein Moldestad gikk over i pensjonistanes si rekke etter over 30 år i Gloppen

kommune. Gjennom alle disse åra har det blitt utført mykje godt arbeid innan for oppmåling og kommunalteknikk, og vi vil igjen takke Jostein for innsatsen.

Anders Nystuen tok også til som saks-behandlar innanfor plan- og byggesaker. Utover dette har det vore ein stabil arbeidsstokk dette året.

KOMMUNALTEKNIKK



Per Ove Fossheim tok til som einingsleiar på kommunalteknikk i juni 2015. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

På avdelinga er det ei 100 % leiarstilling, ei 50 % stilling som avdelingsingeniør, ei 30% som tek seg av leidningskartverk og ei 20 % stilling til arbeid med gebyrgrunnlag for abonnentane.

I uteseksjonen er det ei leiarstilling og 7 stillingar som fagarbeidar/driftsoperatør. I 2015 blei det lagt ned eller skifta vatn- og avløpsanlegg på 28 ulike plassar i kommunen.

Vassverk

Kommunen tok i 2015 over Moane vassverk, Vereide og Reed Vassverk. Dette er ei god tillitserklæring frå abonnentane våre at kommunen klarar å drifte vassverka på ein framifrå måte. For Moane sin del har vi gjennom året utarbeidd planar for korleis abonnentane kan koplast til Sandane vassverk, slik at dei kan få ei meir stabil vasskjelde. Tilkoplinga er planlagt til sommaren 2016. I desember 2015 blei det også vedteke at kommunen kan inngå i forhandlingar om kommunal overtaking av Hestenes og Eikenes vassverk.

Avløp

Tilsette på uteseksjonen utfører dagleg drift- og vedlikehaldsarbeid på avløpsanlegga våre. Noko innleige av elektrikar/rørleggar/maskinentreprenør skjer, men stort sett utfører vi alt arbeid på avløpsanlegga sjølve. I 2015 blei det utarbeida eit forprosjekt på korleis Byrkjelo reinseanlegg kan utvidast får å redusere driftsutfordringane på dette anlegget. Dette arbeidet er ikkje avslutta og vil halde fram inn i 2016.

Leidningsnett

På leidningsnett er 720 m gamle rør vart skifta ut. I nokre pumpestasjonar er det skifta pumper og føreteke mindre oppgraderingar. Vi har ikkje hatt tilfelle med tett avløpsleidning i 2015.

Kommunale vegar

Snøbrøyting har vore utlyst for ein ny 3 års periode. Arbeidet er delt inn i 13 roder. Det kome inn berre eitt tilbod på 12 av rodene og to tilbydarar på ei rode (Byrkjelo-området). Heldigvis fekk vi tilbydarar som er vel kvalifiserte til å utføre arbeidet. Uteseksjonen utfører som før snøbrøyting i Sandane sentrum.

Det kommunale vegnettet er på ca 123 km, 93 km med fast dekke og 30 km grusveg med ca 60 bruer.

Vedlikehaldsarbeidet på vegane i 2015 har ikkje bydd på store utfordringar som flaumskade eller ras. Det har godt greitt. På vårparten vert feiemaskina køyrt i to skift for å raskt som råd få kosta oppatt sand frå strøinga om vinteren. På slutten av 2015 blei det også gjennomført mykje skogrydding langs dei kommunale vegane.

Park og uteområde

Etter at kommunen tilsette eigen gartnar, ser vi alt no at kommunen sine sentrumsområde vert betre stelt enn før. No har vi fagkompetanse til stell av busker, tre og blomsterbed. Uteseksjonen har også tatt over stell av alle idrettsanlegg og fotballbaner rundt om i kommunen. Totalt sett har vi ca 20 mål med plen som skal stellast heile sesongen.

Investeringar

Vassverk

Det vart mellom anna lagt ny vassleidning på 1000 meter frå Mardal til Fitje i tillegg til ny vassleidning på 1100 meter frå Reed til ein ny stor fjøs på Råd. Totalt 4700 meter med nye vassleidning vart lagt i 2015.

Avløp

Nye avløpsleidningar er lagt på dei same strekningane som for nye vassleidningar. Dette er eit prioritert arbeid for å sanere gammalt privat avløpsanlegg og få dette inn på det kommunale anlegget. Det blei i 2015 sett i drift fem nye pumpestasjonar. Totalt sett vart det lagt ned 5700 meter med nye avløpsleidningar i 2015.

Kommunale vegar

Grusvegen frå Føleide til Ryssfjøra på ca 1000 m vart asfaltert slik at heile vegen frå Vereide til Ryssfjøra no har fått fast dekke. I tillegg vart vegen frå Gimmestad til Leitingshaugen utbetra og asfaltert. Delar av området rundt Trivselshallen og mot Holvikelva vart også asfaltert. På vegen opp mot Solheim i Fjellbygda vart det gjort utbetningsarbeid og mindre trafikktryggingstiltak.

Siste etappe på Nordstrandsvegen vart også fullført ved at det vart stelt i stand på den gamle tomte til Raudekiosken.

Spesielle hendingar

Hetlebakkane

I 2015 vart det inngått avtale med Olav Hjelmeset AS om kommunaltekniske anlegg i høve bustadfeltet i Hetlebakkane på Reed.

Sjølv arbeidet starta opp i desember og skal være ferdigstilt i løpet av 2016.

EIGEDOMSAVDELINGA

Eigedomsavdelinga har som overordna målsettinga å sikre ei økonomisk forsvarleg drift av bygg og eigedomar, hindre at verdien av bygningane blir redusert og å legge til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø basert på funksjonelle lokale og eit godt innemiljø.

Eigedomsavdelinga er organisert innanfor teknisk sektor under teknisk sjef og omfattar alle vaktmeistrane og reinhaldarane i kommunen. I 2015 har eigedomsavdelinga hatt 6,5 årsverk vaktmeistrar, 15 årsverk reinhaldarar og ein einingsleiar. I tillegg hadde vi 0,5 årsverk for avlastning for einingsleiaren med prosjektstyring m.m.

Vi har samla alle vaktmeistrane og reinhaldarane under kvar sine driftsleiarar. Dette har vist seg å vere effektivt og har betra arbeidsmiljøet for alle. Vi vart i 2015 samlokalisert med uteseksjonen i eit nytt moderne bygg i Eidsmona. Dette vil gi oss muligheit til å samordne personal, utstyr og å utveksle erfaringar for å kunne tilby betre tenester.

Gloppen kommune har om lag 45.000 m² bygningsmasse fordelt på vel 70 bygg. I tillegg til å vedlikehalde denne bygningsmassen, skal eigedomsavdelinga utføre mindre ombyggingar, tilpassingar og ha prosjektleiinga på nye byggeprosjekt.

Reinhaldstenesta

Reinhaldsgruppa i Gloppen kommune består av om lag 14 årsverk fordelt på 22 fast tilsette reinhaldarar. I tillegg har vi ein driftsleiar reinhald i 100 % stilling. Reinhaldsgruppa har ansvar for reinhaldet på alle skulane, barnehagane, omsorgssenteret, herads- huset, GOS og på leigearealet på Grandane. Totalt om lag 28.000 m² vaskeareal.

Reinhaldsdrifta til Gloppen kommune har vore igjennom ein omorganiseringsfase. Det skal føre til at reinhaldarane vert meir fleksible og jobbe meir i team. I tillegg er det stor fokus på å levere eit moderne reinhald oppimot reinhaldsmetodar og utstyr.

Utrekningane som er gjort syner at Gloppen kommune har god kvalitet på reinhaldstenestene og leverer ei konkurransedyktig reinhaldsteneste.

Vi har vist dette ved å «vinne» reinhaldsjobben ved tannhelsetenesta på Grandane som fylkeskommunen hadde ute på anbod.

Vaktmeistertenesta

Vi har i dag 6,5 årsverk fordelt på 7 vaktmeistrar. Vaktmeistrane har hovudansvar for sine bygningar, men jobbar likevel i team rundt om på alle bygga. Blant vaktmeistane har vi ein driftsleiar som har det overordna ansvaret for drifta ute.

Investeringar

Vaktmeistrane utfører fleire mindre prosjekt sjølv, og kan nemne:

- **Energibesparande tiltak:** det var brukt ein halv million kroner til energibesparande tiltak som
 - o Nye ytterdører på Aktivitetssenteret
 - o Ny ytterdør Søråsen 66
 - o Nye PVC-vindauge i 2. etasje på Sandane skule, vi skifta i heile 1. etg i 2014.
 - o Nye ytterdører på Sandane skule
 - o Nye ALU-ytterdører i Furustubben barnehage
 - o Nye ytterdører i Åslyvegen 16
- Demontering av sandfiltertankar og røyr i Basseng Hyen
- Nytt tak på gym- og bassengdel og uteboda ved Breim skule
- Nye takvindauge på Heradshuset og ferdigstilling av oppgraderinga av fasaden og muren og inngangsparti mot vest.
- Ferdigstilling av driftsstasjonen i Eidsmona.
- Lagt ned fjernvarmerøyr mellom Sandane skule og Gloppen ungdomsskule



Vatn til Moane vassverk. Foto: Ivar Arne Skeistrand.

Vi har også hatt ansvar for investeringsprosjekt som er utført av eksterne entreprenører, og kan nemne:

- **Gloppen ungdomsskule:** ombygging av skulen for å tilfredstille krav til universell utforming og lokale til formingsfaget.
- **Nordstranda skule:** prosjektering for nye lærerarbeidsplassar.

Drift

I tillegg til dei daglege vaktmeistertenestene som ligg inn under vedlikehald av bygga, utførte vi fleire mindre tiltak i 2015 som vil heve standarden og driftsvilkåra på bygga våre, mellom desse tiltaka:

- Oppgradering av vassleidning innvendig på Byrkjelotunet.
- Ombygging av baserom på Nordstranda skule.
- Ny veg til rørslehemma på Nordstranda skule.
- Bygging av vegg/uterom på leikeplass ved Nordstranda skule.
- Store oppgraderingstiltak på utearealet ved Sandane skule som asfaltering, muring, såing av plenar, gjerder og montering av nye leikeapparat.
- Ny utebod til Solsikka avlastningsheim + reasfaltering.
- Tøming av heile Rygg skule - klargjering for sal.
- Ny parkeringsplass ved Nordfjordheimen, mot Eidevegen og nye dreneringskummar på Nordfjordheimen.
- Nye LED-lys på parkeringsplass ved Furestubben.
- Solskjerming på Gotatunet og Gotatoppen
- Totalrenovering Gotavegen 73 og Gotavegen 61.
- Hjelparbeid i samband med byggeprosjektet på Gloppen ungdomsskule.
- Oppgradering/maling av skulekjøken og klasserom ved Hyen skule.
- Montert nye LED-lys i 3.etg på heradshuset.
- Utvendig maling av fleire bygg, mellom anna Sandane skule, Sandane barnehage, Gotavegen 53-55-89 og pumpestasjon på Vassenden.
- Skoging på fleire kommunale eigedomar.
- Plenslåing og stell av utvendig grøntareal.

I 2015 tilsette vi to sommarhjelpere som utførte vedlikehald av grøntareal og anna førefallande arbeid. Dette var i samarbeid med uteseksjonen og kostnadene vart likt fordelt.

Vaktmeistertenesta har i 2015 også hatt ansvar for vaktmeistertenestene på Sandane sentrumsbygg. Denne tenesta gir Gloppen kommune ei ekstraintekt på om lag 60.000 kroner årleg.

PLAN- OG BYGGESAKAVDELING

Planarbeid

Arbeidet med områdeplan for Straumsholmen i Hyen vart vidareført dette året. Det kom inn ulike merknader etter at planen låg ute til offentleg gjennomsyn, m.a. frå Fylkesmannen som la inn motsegn. Etter

ei synfaring og møteverksemd, vart desse motsegnene trekt og planen vart gjort klar for politisk behandling. Planen for Sandane sentrum vart sett litt på vent, då det vart starta opp eit arbeid med flaumkartlegging av Holvikelva og ei avklaring rundt cruisekai. Dette arbeidet vil halde fram inn i 2016. Avdelinga er også involvert i arbeid med bustadpolitisk handlingsplan og planforum.

Byggesaksarbeid

Talet på byggesaker ligg over 2013-tala, dvs rundt 250 saker per år. Dei fyrste 9 mnd av året hadde avdelinga ikkje eigen saksbehandlar, slik at vi måtte prioritere ned andre oppgåver for å kunne halde tritt med alle byggesøknadane som kom inn. I dette tilfelle vart det planarbeidet som vart nedprioritert.

Oppmåling

Høg aktivitet på tal byggjesøknader medfører også høg aktivitet for dei som jobbar med oppmåling kva angår frådelings- og seksjoneringsaker. Fokuset med å halde leidningskartet mest mogleg oppdatert er eit kontinuerleg arbeid, og no vert det aller meste av det som gravast ned i heile kommunen målt inn og festa på kartet.

Adresseprosjektet

Alle vegar og hus i heile kommunen skal få rett namn og nummer. Dette er eit omfattande og tidkrevjande arbeid sidan alle områda som ikkje har gateadresse i dag må køyrast til og registrerast for å finne ut kva nummer kvart enkelt hus skal få. Etterpå skal alle tilskrivast med kva nummer som dei har fått tildelt, før bestilling og montering av skilt kan ta til.

LANDBRUKSAVDELINGA

Hogst: Innmålt kvantum 19.365 m³. 17 % av hogsten i fylket.

Plantetal: 25.700 planter. 8 % av plantinga i fylket. Høg aktivitet kva gjeld hogst, noko lågare aktivitet kva gjeld planting. Det har vore relativt stor aktivitet kring skogsvegbygging. 1.463 m vart ferdigstilt og godkjent (3 veganlegg), 3.175 m vart godkjent (to nye veganlegg) og 1.875 m vart godkjent ombygd til betre vegklasse.

Det har ikkje vore store endringar i saksmengde på Landbrukskontoret i året som har gått og fordelinga av tilskot er også likt dei siste åra. Nedanfor har vi nokon av hovudtala på landbrukssida:

Produksjonstilskot (p-tilskot)

er på 56.781.581 millionar kroner.

Digitalt levert p-tilskot

Stabilt kring 80% (79,5 % i januar og 80,4 i august)

Regionalt miljøtilskot (RMP)

kr 2.436.884 (164 søkjarar).

Organisert beitebruk (OBB)
kr 123.874 (23 søkjarar).

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)
fekk tildelt kr 530.000 medan det er inndrege kr 49.495. Forbruk kr 513.303. Kr 66.192 vert trekt inn til FMLA (fylkesmannen si landbruksavdeling). Første året vi ikkje har bruk opp midlane!

Refusjon avløyserutgifter ved sjukdom
kr 573.679.

Grøftetilskot
kr 142.530 i 2014 og 74.315 i 2015 av ei tildeling på 200.000.

1. lineteneste Innovasjon Norge

8 saker; eitt geitebruk, eitt mjølkebruk (storfe), fire fruktbruk, eit tilleggsnæring og eitt avslag fordi midlane i fylket vart brukt opp.

- kr 6.497.000 rentestøttelån
- kr 3.213.000 investeringstilskot

BRANN OG BEREDSKAP

Året 2015 var heldigvis eit forholdsvis roleg år for vårt mannskap innanfor brann og redning. Statistikken for året ser slik ut:

- Hjertestartar 1
- Trafikkulykker 12
- Husbrann 2
- Pipebrann 1
- Gapahuk 1
- Gras og skogbrann 5
- Unødige utrykkingar 6

I mars vart det gjennomført ei større varm øving på Hestenesøyra i høve med eit hus som skulle sanerast. Med instruktørhjelp frå Florø, fekk alle røykdykkarane mykje god trening med fokus på røykdykkarinnsats. Heile øvinga vart avslutta med nedbrenning og sløkking av huset.

Utover dette blir det årleg gjennomført øving på flyplassen i lag med Avinor, og vi har mange prioriterte bygg det skal gjennomførast brannsyn i. Det er også lagt ned eit godt arbeid med ny beredskapsplan inkl. ROS-analyser for kommunen.



Brannøving på Hestenesøyra. Foto: Jan Nik. Hansen, Firda Tidend.

MULTEK-utvalet – kultur og utvikling

Ressursinnsats for kvart tenesteområde

| KULTUR | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Forbruk i % | Rekneskap 2014 |
|--|-------------------|-------------------|----------------|-------------------|
| Administrativ leiging | 554 931 | - | 0 | 0 |
| Aktivitetstilbod barn og unge | 509 332 | 612 500 | 83 | 493 225 |
| Anna førebyggjande helsearbeid | 90 723 | 15 000 | 605 | - |
| Etablering og oppretth av eige bolig | 38 | 195 000 | 0 | - |
| Behandling av plansaker | 102 829 | 130 000 | 79 | - |
| Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak | 4 476 | 195 000 | 2 | - |
| Kommunal næringsverksemd | 1 279 885 | 1 109 500 | 115 | 975 348 |
| Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet | 1 051 296 | 834 000 | 126 | - |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 90 230 | 83 000 | 109 | 82 842 |
| Kulturminnevern | 7 594 | -47 000 | -16 | -2 919 |
| Bibliotek | 2 576 333 | 2 447 000 | 105 | 2 517 134 |
| Kino | 831 074 | 694 500 | 120 | 630 511 |
| Museum | 344 420 | 326 000 | 106 | 354 408 |
| Kunstformidling | 476 012 | 470 000 | 101 | 463 331 |
| Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg | 340 797 | 58 000 | 588 | 598 886 |
| Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg | 2 256 248 | 1 373 500 | 164 | 2 166 384 |
| Kulturskulen | 5 110 039 | 5 064 000 | 101 | 5 348 518 |
| Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg | 214 407 | 529 000 | 41 | 670 056 |
| Kommunale kulturbygg | 771 562 | 613 000 | 126 | 1 330 771 |
| Den norske kirke | 3 701 000 | 3 701 000 | 100 | 3 721 000 |
| Andre religiøse føremål | 65 856 | 75 000 | 88 | - |
| TOTALT | 20 379 082 | 18 478 000 | 110 | 19 349 495 |

- er lik mindreforbruk.

Meirforbruket på adm leiging er lønsutgifter på to personar som i fyrste del av året var feilført. På tenesta, tilrettelegging for næringslivet, ligg div. utgifter/tilskot som tidlegare har vore ført på teneste 1000, og i tillegg er prosjektrekneskapan for damelandsslagssamlinga og kampane ført her, men utgiftene er seinare finansiert over næringsfondet. På tenesta idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg, er det mellompostert i overkant av 6 mill kr i spelemidlar og ein del av det som tidlegare har vore forskottert til Breimsbygda skisenter og innandørs skytebane i Hyen er avsett til ulike kommunale fond. Billettinntektene til symjeanlegget er ca 1 mill kr. mindre enn det som var budsjettert, og det gjeld tenesta, kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg.

Kort om året 2015

Dette kapitlet avspeglar den kommunale aktiviteten i Trivselshagen med kino, bibliotek, kulturskule og kantine og aktiviteten i kultursalen, og i tillegg idretts-anlegg og friluftslivsaktivitetar

I 2015 kom Gloppen på 4. plass i Telemark-forskning si kåring av Årets kulturkommune i landet, og framleis den beste kommunen i fylket.

2015 har vore nok eit aktivt kulturår i kommunen med mange arrangement og festivalar, og det er på gang mange positive tiltak og prosjekt som vil gje både kulturlivet og innbyggjarane i kommunen betre rammevilkår i tida framover.

..... Gloppen fekk tilsagn om 4,7 mill kr. i spelemidlar til ulike idrettsanlegg.

Spesielle hendingar

Biblioteket feira 175-års jubileum i 2015.

Friluftslivets år

2015 var Friluftslivets år, og Gloppen tok aktivt del som ein Friluftslivets År-kommune. Saman med friluftslivsorganisasjonane i kommunen arrangerte vi fleire store fellesarrangement, mellom anna opning av året på Kleivane 16. desember. Bortimot 200 små og store overnatta i telt, igloar, snøholer og under open himmel. Av aktivitetar kan vi elles nemne felles aktivitetsskalender, Friluftsfestival i sentrum, tur og bålsamtale med ordførar og politikarar, og seminar om allemannsretten. I tillegg kjem eit stort mangfald av aktivitetar gjennom heile året i regi av lokale organisasjonar.

I samarbeid med Firda Tidend, vart Utvikfjellet kåra til finaste friluftsområde i kommunen.

Aktivitetar for ungdom

Ungdomsrådet har hatt 6 møter der hovudsaker i år har vore sentrumsutvikling og oppstart av nytt ungdomstilbod: Frihall, som er eit ope tilbod til

ungdom kvar laurdag i Firdahallen. Aktivitetar etter eige ønskje.

UKM deltaking både lokalt, i fylket og på landsfestivalen. Malene Solheim, Ingrid Johansen og Sofia Hyttedalen representerte Sogn og Fjordane på landsfestivalen.

Rusfri 16. mai natt i Trivselshagen.

Aktivitetar for funksjonshemma

Roseklubben kvar måndag i Trivselshagen. Samarbeid med Idrettslinja om aktivitetstilbod i Firdahallen.

Sommarfest i Jølet for heile Nordfjord.

To veker med tilrettelagde sommaraktivitetar i juli.

Arrangement og aktivitet i Trivselshagen

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|----------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Talet på besøkande | 15.500 | 16.000 | 15.800 | 15.500 | 15.000 | 12.000 |
| Talet på konsertar i kultursalen | 67 | 71 | 72 | 67 | 63 | 50 |

2015 var eit aktivt år i Trivselshagen. Besøktala er stabilt høge, og held seg bra stabilt. Totalbesøket er fortsatt på godt over 15.000 i kultursalen. Mange lokale aktørar med gode arrangement må få store delar av æra for den gode publikums-oppslutninga. I

tillegg har det vore fleire nasjonale toppnamn innom kulturhuset i året som gjekk. Anlegget har hatt stor aktivitet. I badeanlegget var det rett i overkant av 42.000 besøkjande i 2014. I klatreveggen ca 3.800 besøkjande.

Trivselshagen Bad og Idrett

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|----------------------|--------|--------|--------|--------|
| Besøk i badeanlegget | 42.861 | 43.180 | 53.115 | 25.695 |

2015 har vore eit særdeles aktivt år i idrettsanlegget. Av større arrangement er det verd å trekke fram:

I juli var vi vertskap for det norske damelandslaget i handball ei heil veke. I tillegg til treningsaktivitet, friluftaktivitet, grillparty, seminar og handball-skule, vart det heile avslutta med 2 landskampar mot Russland. Norsk siger i begge, og vi hadde rundt 1.600 på tribuna i kvar av kampane (stinn brakke).

Vi fekk mange positive tilbakemeldingar på arrangementet i si heilheit.



Landskamp Norge-Russland, Trivselshagen. Foto: Ronny Solheim.



31. januar: Norgescup i klatring. Foto: Foto: Firda Tidend.



25. april: Junior NM i vektløfting. Foto: Runar Sandnes.



18. og 19. april: Barneturnstemne for Sogn og Fjordane. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

7. og 8. mars: KM finalar aldersfastlagt fotball.

I badeanlegget hadde vi innom ca 43.000 personar. Klatremiljøet er i stadig vekst og fleire og fleire tek det såkalla «Brattkortet». Dette ser vi att i aktiviteten

i klatrevæggen. Det er vanskeleg å seie nøyaktig kor mange som er innom, då vi arbeider med å få inn gode rutinar i høve registrering. Truleg har over 3.000 vore i veggjen i løpet av året.

Gloppen kino

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 |
|----------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Talet på besøkande | 9.822 | 10.752 | 12.855 | 11.741 | 10.981 | 8.227 | 8.574 | 8.096 |
| Omsetning inkl. mva | 782.635 | 766.240 | 965.965 | 800.120 | 774.865 | 510.800 | 488.945 | 442.745 |
| Framsyingar | 241 | 317 | 312 | 294 | 245 | 205 | 199 | 181 |
| Snitt per framsyning | 41 | 34 | 41 | 40 | 45 | 40 | 43 | 45 |

Statistikk frå Filmweb rapportserver.

Nedgangen i kinobesøket skuldast mellom anna mangel på store publikumsfilmar i 2015. Det har likevel vore ein auke i snittbesøket då det har vore noko færre framsyingar per film. Godt besøk på norske filmar, dette utgjer om lag 35 % av totale kinobesøket. Alle topp 10-filmene i Gloppen kom på hausten, der Bølgen var den største slagaren.

Vi har vist 78 filmar fordelt på 241 visningar. Framsyingar i all hovudsak 3 kveldar i veka. Arrangement: Den Store Kinodagen, Den Store Skolekinodagen, Rusfri 16. mainatt, Q-Film, Vinterfest, Kulturnatt, Den kulturelle skulesekken, Sommarkino, Julesamling for eldre mm.

Gloppen folkebibliotek

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 |
|-------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Totalt utlån | 47.392 | 46.768 | 47.033 | 46.260 | 45.083 | 44.979 | 46.725 | 41.855 |
| Besøk | 34.698 | 34.212 | 34.010 | 34.740 | 39.515 | 39.986 | 40.937 | 40.407 |
| Fjernlån (innlån) | 1.089 | 1.013 | 950 | 783 | 791 | 763 | 825 | 642 |

Gloppen folkebibliotek markerte i 2015 175-årsjubileum.

Biblioteket kan oppsummere jubileumsåret med utlånsauke – til 47.392 utlån, noko som er det høgaste utlånstalet nokon gong med det nye biblioteket i Trivselshagen. Utlånet av e-bøker foregår i appen eBokBib. Det vart lånt ut 1.207 e-bøker i 2015, mot 573 året før. Det er noko auke i utlån av barnebøker, og elles svært stabile besøks- og utlånstal.

Statistikken viser også at nynorsksatsinga til biblioteket gjev resultat: 23 av dei 25 mest lånte barnebøkene i 2015 var på nynorsk. Biblioteket har hatt eit rekordår når det gjeld arrangement – aldri før har det vore så mange arrangement av ulike typar, både egne arrangement og i lag med andre. Dette er heilt i tråd med biblioteka si nye rolle som aktiv formidlar (jfr. ny biblioteklov, 2014).

Biblioteket jobbar aktivt med å inspirere til lesing for barn og unge – og alle andre. Biblioteket er ein ressurs og ein medspelar for alle som jobbar med lesing, anten det er lærarar, foreldre eller enkeltpersonar som vil bli betre i å lese - og som vil utvikle seg gjennom lesing.

Biblioteket er ein av dei første stadane nye innbyggjarar oppsøker. Dette blir ikkje mindre viktig i tida som kjem. Språk er vegen til integrering, og biblioteket er ein viktig døropnar til norsk språk, kultur og samfunnsliv. Som møteplass i

lokalsamfunnet kan biblioteket byggje ned barrièrer, fordi det er gratis, og fordi det er ope for alle.

Gloppen opplæringsssenter er ein viktig samarbeidspart i dette arbeidet. Gloppen folkebibliotek låner inn depot av bøker på ulike språk frå «Det fremmedspråklige bibliotek» i Oslo. I 2015 vart det lånt inn bøker på polsk, tigrinja, somali, thai og arabisk.

Biblioteket i Trivselshagen er og skulebibliotek for Firda vidaregåande skule. Fylkeskommunen dekkjer difor ein del av totale utgifter.



«Se opp for krokodillen!» Jungel i det runde rom - elv med steinar og trestokk til å gå over på. Eller...?
Foto: Ann-Kristin Vik Fløtre.

Gloppen kulturskule

| | 2015 | 2015 | 2013 | 2012 | 2011 |
|----------------|------|------|------|------|------|
| Elevtal | 344 | 347 | 355 | 370 | 390 |
| Venteliste | 107 | 67 | 75 | 132 | 110 |
| Sal av årsverk | 3,03 | 3,2 | 3,45 | 3,32 | 2,91 |

Sal av tenester til korpsa i kommunen er stabilt, det same er sal av musikkterapi til skulane. Sal til Firda vgs. har gått ned frå i fjor, frå 190 % stilling til 165 % stilling.

Distriktsmusikarane har vore aktive også i 2015, og har vore med på dei fleste store produksjonar i fylket dette året, t.d. Maskeballet, Beethovens 9., symfoni, spelemann på taket og Sound of Music – alle med Opera Nordfjord, Gloppen musikkfest og Sogn og Fjordane Symfoniorkester. Dei har vore på fleire turnear med Den kulturelle spaserstokken, og på turne på ungdomsskulane i fylket med Den kulturelle

skulesekken. I tillegg har dei hatt mange små og store speleoppdrag både her i kommunen og i fylket elles.

Elevane vore har vore synlege og aktive også i år. Dei har m.a. delteke på UKM, der fleire av dei gjekk vidare til fylkesmønstringa. Vi har også hatt fleire danseframсыningar, i tillegg til å ha elevar med på 17. mai, STIL-festen, ulike årsmøter og konferansar. Julekonserten og Sommarfesten er årlege innslag der elevar, lærarar og distriktsmusikarar samarbeider, og dei har vore viktige og vellukka også i år. I tillegg til dette har vi hatt månadlege huskonsertar og andre småkonsertar.

Elevar, lærarar og distriktsmusikarar deltok på om lag 100 konsertar/arrangement i 2015.

Spesielle hendingar:



Magnus-André Moritsgård, kulturskuleelev på song, var ein av dei som kom gjennom nålauget og mottok Norsk Tipping sitt Drømmestipend på 10.000 kr i 2015. Her får han overrekt prisen frå styreleiaren i Norsk kulturskoleråd Nils R. Sandal. T.h. ventar kulturskulerektor Ann Karin W. Ose med blomster. Foto: Gloppen kommune.



Danseforestilling i kultursalen 3. februar 2015. Foto: Edvin-André Hugvik.

Stab og støtte

«Stab og støtte» er økonomiavdelinga, skatteoppkrevjaren, personalavdelinga, servicetorget, arkivtenesta og IT-avdelinga og eininga har vore i drift sidan august 2014.

Servicetorget

Servicetorget har vore i drift sidan 2001 og er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. Servicetorget har ansvar for startlån, bustøtte og utleige av kommunale bustadar. I tillegg ivaretek servicetorget desse interne funksjonane: politisk sekretariat, saksbehandling, kommunen si postteneste og innkjøp av rekvisita.

Servicetorget har fire tilsette (3,6 årsverk). Servicetorget driftar både kommunen si heimeside og kommunen sitt intranett og legg til rette for dei folkevalde sin bruk av nettbrett i kommunale møte. I tillegg driftar vi heimesidene: trivselshagen.no og

gloppen.no, heimesida til kyrkja i Gloppen og nettsida til Sandane-dagane.

Servicetorget samarbeider både med dei andre kommunane i Nordfjord om nett-tenester og data-løysingar og med det lokale næringsliv om marknadsføring og profilering av Gloppen. Frå 2011 har servicetorget vore stemnekontor for Sandanedagane.

Servicetorget deler kontorplass med kommunen si arkivteneste. Servicetorget er sentralbord for heradshuset og tenestene i helse og omsorg, unnateke legekantoret.

| Nøkkeltal | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|------------------|-------|------------------|-------|------------------|-------|
| Søknader om bustøtte | *** | *** | 164 | 187 | 204 | 197 |
| Sum bustøtte i 1.000 kroner | 1.523 | 1.860 | 2.132 | 2.424 | 2.874 | 3.040 |
| Innvilga startlån til | 9 | 14 | 14 | 16 | 5 | 6 |
| Innvilga søknader om tilskot til etablering av bustad til | 5 | 5 | 6 | 3 | 2 | 2 |
| TT-ordninga (drosjekort)* | 242 | 237 | 239 | 239 | 230 | 236 |
| Parkeringsløyve* | 5 | 2 | 8 | 4 | 5 | 9 |
| Utskrivne følgjekort* (nye kort) | 6 | 4 | 3 | 4 | 6 | 5 |
| Ambulerande skjenkeløyve/løyve for eit enkelt høve* | 0/15 | 3/18 | 13/19 | 10/19 | 4/25 | 6/22 |
| Billettsal* (tal selde og utleverte billetter) | 5.003 | 2.497 | 3.002 | ** | 1.956 | 2.125 |
| Tildeling av kommunal tomt* | 6 | 7 | 3 | 2 | 2 | 5 |
| Førehandsrøysting | 854 ¹ | | 968 ¹ | | 677 ¹ | |
| Talet på journalførte inngåande brev | 7.491 | 7.490 | 8.213 | 6.439 | 6.194 | 5.841 |
| Talet på journalførte utgåande brev | 4.621 | 5.428 | 5.707 | 4.336 | 4.250 | 4.421 |

¹ Talet inkluderer mottekne førehandsrøyster til andre kommunar

* Tenester merka med * skal det ikkje vere ventetid på. Det betyr at svar blir gjeve same dag eller dagen etterpå. Denne målsetting er oppfylt.

- i kolonnen tyder at andre avdelingar enn servicetorget på det tidspunktet utførte tenesta.

** Vi har ikkje statistikk for 2012 på grunn av datahavari på billettsystemet

*** Statistikken for 2014 og 2015 viser kor mange som har fått innvilga bustøtte, ikkje kor mange som har søkt



To av dei tilsette på servicetorget. Frå venstre Margrete Solheim og Anvor Hauge. Foto: Siv Kvalsvik Hagen.

Arkivtenesta

Frå 1. august 2014 er arkivtenesta organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med arkivleiar som fagleg ansvarleg. Arkivtenesta har på tre tilsette (2,3 årsverk). Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette. Vi har ingen

oversikt over kor mykje av denne korrespondansen som ikkje blir journalført, og som dermed ikkje blir registrert og teken vare på. Dette er ikkje eit problem spesielt for Gloppen kommune. Heller ikkje den interne korrespondansen blir journalført i særleg grad. Vi jobbar aktivt for å rette på dette og tala for 2015 er positive.

IKT-avdelinga

Frå 1. august 2014 er ikt-avdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med ikt-sjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har tre tilsette (2,3 årsverk). Eininga har ansvar for enkel brukarstøtte, innkjøp av ikt-utstyr og ikt-opplæring i kommunen. Drifts-

ansvaret for ikt-løysingane og brukarstøtte er overført til Nordfjordnett i Måløy. Kommunen har i 2015 samla interne ikt-ressursar ved at den ressursen som før var innan oppvekst no organisatorisk er lagt til ikt-avdelinga.

Personalavdelinga

Frå 1. august 2014 er personalavdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med

personalsjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har to tilsette (2,0 årsverk).

Skatteoppkrevjaren

Frå 1. august 2014 er skatteoppkrevjaren organisert som ei eiga fageining i stab og støtte

med skatteoppkrevjaren som fagleg ansvarleg. Eininga har to tilsette (1,7 årsverk).

Økonomiavdelinga

Frå 1. august 2014 er økonomiavdelinga organisert som ei eiga fagavdeling i stab og støtte med økonomisjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har åtte tilsette (7,8 årsverk).

Oppgåvene/-funksjonane som ligg til økonomiavdelinga er

- kommunen si lønnsavdeling
- fakturabehandling
- fakturering og innkreving av kommunale avgifter, gebyr og andre utståande fordringar
- rekneskapsføring
- økonomisk planlegging (budsjett/økonomiplan)
- økonomisk kontroll og oppfølging av drift og anlegg
- fastsette økonomiske rutinar i etatane og syte for at desse vert enkle og oversiktleg
- føre kommunen sine rekneskap
- syte for god og sikker plassering av kommunen sine likvide midlar
- innkjøp og elektronisk handel

I tillegg til kommunerekneskapen er avdelinga ansvarleg for føringa av rekneskapen til fellesrådet og Trivselshagen IKS, og har dei same oppgåvene på lønn, fakturering og innkreving for desse som for kommunen.

Janne Storevik tok til som leiar for økonomiavdelinga i juni 2015. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.



Investeringane i 2015



Kraftstasjonen i Eidsfossen er ein av stasjonane i Gloppenelva som vart ført tilbake til Gloppen kommune ved årsskiftet 2015/2016, og som er utgjør ein stor del av 2015-investeringane. Foto: Jan Kåre Fure i april 2016.

Samla sett har vi investert for 102,5 millionar i 2015. Det høge beløpet skuldast i hovudsak to prosjekt: Utbygginga av Gloppen ungdomsskule med 34,1 millionar og innløysing av Gloppenstasjonane med nesten 25,3 millionar. Vidare på lista over dei største prosjekta er IKT-investeringar på 9,1 mill og kjøp av bustader med 7,4 mill.

Bakgrunnen for dei høge investeringane i 2015 er i tillegg at vi har henta inn litt av etterslepet på tidlegare vedtekne investeringar. Ein del av desse investeringane har overskridingar og er dermed ikkje fullfinansierte. Det betyr at desse prosjekta har «ete» ein del av lånefinansieringa på prosjekt som er framleis er i arbeid.

Investeringsoversikt med samla investering - rekneskapskjema 2A (frå 2015-rekneskapan)

| | Rekneskap 2015 | Rev. 2015-budsjett | Opph. 2015-budsjett | Rekneskap 2014 |
|---|-----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Investeringar i anleggsmiddel | 102.479.286,46 | 80.525.000,00 | 48.350.000,00 | 53.850.474,97 |
| Utlån og forskotteringar | 2.320.310,00 | 5.000.000,00 | 5.000.000,00 | 6.853.000,00 |
| Kjøp av aksjar og andelar | 1.126.410,00 | 1.100.000,00 | 2.600.000,00 | 1.422.618,00 |
| Avdrag på lån | 839.938,66 | 0 | 0 | 799.951,00 |
| Dekning av tidligere års udekka underskot | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar | 6.168.968,75 | 0 | 0 | 5.629.302,26 |
| Årets finansieringsbehov | 112.934.913,87 | 86.625.000,00 | 55.950.000,00 | 68.555.346,23 |
| Finansiert slik: | | | | |
| Bruk av lånemiddel | 88.617.610,52 | 76.310.000,00 | 46.250.000,00 | 37.331.919,71 |
| Inntekter frå sal av anleggsmidlar | 6.471.811,63 | 1.000.000,00 | 1.000.000,00 | 4.718.663,00 |
| Tilskot til investeringar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | 11.165.334,89 | 7.205.000,00 | 7.100.000,00 | 7.551.369,79 |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | 4.522.000,24 | 10.000,00 | 0 | 10.201.896,51 |
| Andre inntekter | 285.525,00 | 0 | 0 | 155.804,10 |
| Sum ekstern finansiering | 111.062.282,28 | 84.525.000,00 | 54.350.000,00 | 59.959.653,11 |
| Overført frå driftsrekneskapan | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidlegare års udisponert overskot | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av avsetningar | 1.872.631,59 | 2.100.000,00 | 1.600.000,00 | 8.595.693,12 |
| Sum finansiering | 112.934.913,87 | 86.625.000,00 | 55.950.000,00 | 68.555.346,23 |

Samarbeid og interkommunale tenester

Gloppen kommune er medlem av ei lang rekke interkommunale samarbeidsordningar som har vorte til fordi vi er for små på området til å løyse oppgåvene åleine. I oversikta som følgjer er berre formaliserte samarbeid tekne med:

| Namn | Formål | Organisering | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|---------------------------------|---|-------------------------------|-------|-------|------|------|-------|
| Nordfjorderrådet | Regionalt samarbeid | § 27-samarbeid | 75 | 74 | 74 | 74 | 74 |
| Nordfjord Miljøverk* | Innsamling, transport og deponering av avfall | Interkommunalt selskap (IKS) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nordfjord Havnevesen | Hamnesamarbeid | Interkommunalt selskap (IKS) | -461 | -210 | -174 | -162 | -124 |
| Alarmsentralen Sogn og Fjordane | Brannvarsling | Interkommunalt selskap (IKS) | 749 | 742 | 619 | 512 | 539 |
| Kommunerevisjonen i Nordfjord | Revisjon | § 27-samarbeid m/vertskommune | 632 | 613 | 575 | 603 | 541 |
| SEKOM-sekretariatet | Sekretariat for kontrollutvalet | § 27-samarbeid m/vertskommune | 180 | 155 | 164 | 100 | 143 |
| Trivselshagen IKS** | Drift av idretts- og kulturbygget | Interkommunalt selskap (IKS) | 0 | 0 | 0 | 0 | 2.904 |
| Nordfjordnett | Drift av felles IKT-løysingar | § 27-samarbeid m/vertskommune | 2.454 | 2.711 | 774 | - | - |

Tal i 1.000-kroner.

* Kostnadene med drift av Nordfjord Miljøverk IKS blir dekkja inn av NoMil sine abonnentar. Gloppen kommune sine kostnader til gratis tomt i Eidsmona for NoMil er ikkje med i oversikta.

** Den kommunale kostanden med drift av anlegga i Trivselshagen kjem fram som husleige for dei tenestene som har lokale i anlegget.



NoMil sitt anlegg i Eidsmona. Foto: NoMil.

Lokalsamfunn



Skisse frå sentrumsanalysen for Sandane med bustader og grøntanlegg mot sjøen i staden for parkeringsplassar og oppstillingsareal for bussar. Illustrasjon: Norconsult.

Overordna planlegging, nærings- og samfunnsutvikling

Overordna planlegging

I forkant av den nye kommunestyreperioden vart det hausten 2015 sett eit sterkare fokus på å styrke administrasjonen sitt arbeid med overordna planlegging og samfunnsutvikling, og etablert fleire samarbeidsfora.

Folkehelse

Det vart i august 2015 etablert ei tverrfagleg **Fokusgruppe**, som fekk i oppgåve å sikre tverrsektoriell vurdering av kommunen sine utfordringar og utarbeide eit oversiktsdokument. Sidan september har *Fokusgruppa* arbeida med ei kartlegging som tek føre seg eit breitt spekter av faktorar som påverkar helse og trivsel i Gloppen. Faktorar innan befolknings-samansetning, oppvekst, levekår, sosiale tilhøve, miljø, skader/ulykker, helserelatert åtferd og helsetilstand vart kartlagt og vurdert i samarbeid med sektorane.

Arbeidet har resultert i eit oversiktsdokument i samsvar med § 5 i folkehelselova om oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen. Planen er å legge dokumentet fram for råd, utval og kommunestyre i jan./febr. 2016. Dokumentet skal gje eit grunnlag for kommunen sitt arbeid med planstrategi for perioden 2016 - 2019.

Kommunalt planforum

Hausten 2015 vart det etablert ei administrativ plangruppe for å sikre betre oversikt, heilskap og framdrift i kommunen sitt planarbeid. Leiar av *kommunalt planforum* deltek på møte med rådmannen si leiargruppe ein gong i månaden, der plan og samfunnsutvikling vert sett på agendaen.

Tettstadutvikling

Sentrumsutvikling Sandane

I februar 2015 vart konklusjonane kring etablering av «cruisedestinasjon Gloppen» presentert for politikarane. Parallelt med dette vart Norconsult AS sitt arbeid med sentrumsanalyse Sandane ferdigstilt og presentert for politikarar og innbyggjarar i eit ope møte i Trivselhagen.

Rapporten konkluderte med to viktige strategiske grep:

1. Opparbeiding av fleire bustadområder i sentrum, bla. langs sjøen (red. asfaltareal)
2. Opparbeiding av eit sentrum med meir fokus på myke trafikantar (fleire gang- og sykkelveggar/ grøntområde og uformelle møteplassar).

Det er i løpet av 2015 ikkje teke stilling til korleis vi skal satse framover for å legge til rette for fleire bustader i sentrum av Sandane. Noko av grunnen til at arbeidet har stoppa opp er at kommunen har venta

på resultatet av ein flomanalyse. Arbeidet vart teke opp at ved årsskiftet 2015/2016.

Sentrumsutvikling Hyen

Som oppfølging av den lokale samfunnsutviklingsprosessen som vart sett i gang hausten 2013, og gjennomført i 2014, i tett samarbeid med utviklingslaget i Hyen, vart ein ny områdeplan for Straumsholmen lagt fram for innbyggerane i eit folkemøte våren 2015. Samtidig vart det sett ned ei gruppe som skulle jobbe vidare med å realisere ei utbygging av samlokaliserte bustader til både sal og utleige på Straumsholmen.

Utviklingslaga si rolle i utvikling av lokalsamfunna

Med bakgrunn i erfaringane frå prosessen i Hyen, har det vore jobba med å etablere ein tettare kontakt med utviklingslaga rundt om i Gloppen. Næringssejef og rådgjevar for samfunnsutvikling har i løpet av 2015 hatt møte med tre av utviklingslaga, for å invitere til eit tettare samarbeid med ein viktig lokal aktør i lokalsamfunna våre. Vi ser òg verdien av å bidra til å etablere eit nettverk mellom laga, og nytte dette til å sette felles fokus på helse og trivsel, trygge lokalsamfunn og erfaringsutveksling.

Næringssejefen



Den nyttilsette næringssejefen er ein allsidig kar. Her er han speaker under handballandskampane mellom Norge og Russland i Trivselshagen sommaren 2015. T.h. Sjur Åge Gimmestad som m.a. var lydteknikar under kampane. Foto: Jan Kåre Fure.

Næringssejef Knut Roger Nesdal tok til i nyoppretta stilling som næringssejef 1. januar 2015.

Året starta med bedriftsbesøk rundt om i kommunen. For vidare samhandling mellom næringsliv, bank, skule og kommune er forumet G4 etablert. G4 står som arrangør av frukostmøte som skal haldast fire gonger i året. Forumet G20 er eit møtepunkt der leiarane i dei 20 største bedriftene i kommunen samlast for å diskutere dagsaktuelle tema og utfordringar.

Næringsfondet i kommunen er attraktivt og tildelingar vart gjort i to omgangar i 2015. Tre firma var òg med på gründerdagane i Førde i mai.

Reisemål Stryn & Nordfjord endra i 2015 namn til Visit Nordfjord. Kommunen hadde turistinformasjon hos Bakar Jon på Byrkjelo i tillegg til heradshuset.

Dei små enkle ting...

«1000 meter utsikt»-prosjektet viser at om alle gjer litt, blir totalen veldig bra. Gjennom prosjektet har det opna seg 527 meter med «ny» utsikt.

Det er tydelig ei interesse i å busette seg i kommunen. I romjula arrangerte kommunen «Kom til Gloppen» konferanse i Trivselshagen. Over 120 møtte opp. Kommunen stilte òg på påsketreffet på Nordfjordeid.

I 2015 er det iverksett fleire ting som turistane, besøkande og fastbuande vil kunne glede seg over i åra framover: badestrand i sentrum, arbeidet med masterplan for stisykling forprosjekt med nytt aktivitetsselskap er starta opp.

I tillegg er Trivselsskogen SA er etablert. Selskapet skal utvikle og vedlikehalde eit sentrumsnært turområdet med tanke på aktivitet og betre folkehelse. Når alt er ferdig i 2018, er planen at det er laga to nye utsynspunkt på Utsikten og Holvikfossen.

Bustadpolitikk

Bustader til vanskelegstilte



«Myklebusttunet» på Kleivedammen som blir bygt ut etter Hamarøymodellen. Foto: Roar Henden i mars 2016.

Hovudfokuset i heile 2015 har vore å jobbe med framdrift i dei to bustadprosjekta som vart sett i gang hausten 2014, kjøp av nye bustader til flyktningar og realisering av Hamarøymodellen til unge vanskelegstilte.

Samtidig har det vore jobba kontinuerleg med å skaffe til veie fleire private bustader til eit aukande tal flyktningar.

Arbeidsmarknaden

Ved utgangen av 2015 var det 29 (1,0 %) heilt utan arbeid i Gloppen kommune. Dette er ei auke i arbeidsløysa på 9 % i frå 2014. Til samanlikning var arbeidsløysa i Sogn og Fjordane på 2,0 %, og i landet på 3,0 %.

Arbeidsløysa Gloppen har over tid vore stabilt låg, men vi må nok forvente seg ei høgare arbeidsløyse framover.

Mottak og integrering av flyktingar

I 2015 busette kommunen gjennom avtalen med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) 41 nye flyktingar. Inkludert i desse tala er ligg og familie-gjenforeiningar. Flyktingane kom ifrå Somalia, Sudan, Eritrea, Etiopia og Syria.

Vi fekk overført kr 18.179.202 i integreringstilskot frå staten.

39 flyktingar var i eit introduksjonsprogram i løpet av året. Introduksjonsprogrammet er eit to-årig

kvalifiseringsprogram med rettar og pliktar. Målet er å styrke den enkelte innvandrar sine sjansar for deltaking i yrkes- og samfunnsliv og bli økonomisk sjølvstendig.

Resultata for 2015 syner at 62,5% av dei som avslutta programperioden sin i fjor gjekk direkte ut i løna arbeid eller vidare i utdanning.

Sjukefråvær

NAV har ikkje publisert data for sjukefråversprosent sidan 2014. Årsaka til dette er usikkerhet rundt kvali-teten på dataene fra A-ordninga. Vidare er NAV og SSB usikker på korleis ein skal handtere dette slik at tala blir mest mulig samanliknbare over tid. I tillegg kjem usikkerheit om det nye datagrunn-

laget vil gi same sesongmønster som tidlegare. Det er viktig å vite når tala skal sesongjusterast, og det treng ein tal for minst eitt år for å kunne vurdere.

Først frå hausten 2016 vil nye tal bli publisert.



Ungdområdet har møte. F.v. leiar Sandra Edit Tenud, Lene Førde, Malene Solheim, Kristi Bakketun, Solveig Vonheim Heimsæter, Frida Bjørnereim og Sivert Solheim. Ikkje til stades: Sofia Hyttedalen og Elin Støylen. Foto: Kjersti Rønningen.

Kven representerer Gloppen kommune?

Gloppen kommune deltar i ei lang rekke samarbeid både interkommunalt og i andre samanhengar. I nokre av desse har kommunestyret, og unntaksvis andre kommunale organ, peika ut spesielle personar som skal representere Gloppen i styrande organ. Viss ikkje det er peika ut egne representantar, er det ordføraren som er kommunen sitt medlem i organet. Her er ei oversikt over kommunalt valde eller utpeika representantar i ulike samarbeidsorgan ved årsskiftet 2015/2016 (representasjon i aksjeselskap der kommunen er aksjonær, er ikkje med i oversikta):

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Kommunalt medlem i representantskapet: Magni Aa Berge (Sp), med Anne Grete Hoddevik (SD) som vara.

Gloppen kyrkjelege fellesråd

Kommunen sin representant rådet: Per Ståle Husevåg (KrF), med Petter Lothe (Ap) som vara.

Stiftinga Frivillegsentralen i Gloppen

Kommunal utsending til årsmøtet i stiftinga: Arnfinn Brekke (KrF), med Marit Straume (Sp) som vara.

Jostedalsbreen Nasjonalpark

Kommunen sin representant i nasjonalparkstyret (peika ut av Miljødirektoratet): Vidar Sandal (Sp), med Venke Kollbotn (KrF) som vara.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Hege Lothe (SV), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

Ålfotbreen landskapsvernområde

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Hege Lothe (SV), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

Stiftinga Karnilstunet

Kommunen sin representant i styret for stiftinga: Olaf Sigurd Gundersen (Sp).

Kommunerevisjonen i Nordfjord

Kommunen sitt medlem i samstyret: leiaren i kontrollutvalet Frode Fagerli (KrF), med nestleiar Bjarne Bø (Sp) som vara.

SEKOM-sekretariatet

Kommunen sitt medlem i styret: Per Rune Vereide (Sp), med Ragnar Eimhjellen (V) som vara.

Nordfjord Folkemuseum

Kommunen sin representant i rådet: Magni Aa Berge (Sp), med Anders Rinde (KrF) som vara.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Leidulf Gloppestad (Sp) sit i styret med Magni Aa Berge (Sp) som vara.

Nordfjord Havn IKS

Kommunal representant i hamnerådet: Ordføraren Leidulf Gloppestad (Sp), med Audun Mundal (KrF) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av hamnerådet): Solveig Lien Gusdal (Sp), med Jan Asle Rustøen (H) som vara.

Nordfjord Miljøverk (NoMil) IKS

Kommunale medlemmer i representantskapet: Leidulf Gloppestad (Sp), med Laila Frøystad Falck (Ap) som vara – Roar Henden (H), med Audun Mundal (KrF) som vara – Mariel Eikeset Koren (MDG), med Gro Vereide (SV) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av representantskapen): Gunnvor Sunde (SD), med Jeffrey Thomas (Sp) som vara.

Stiftinga Norsk Countrytreff

Kommunen sitt medlem til representantskapet i stiftinga: Audun Mundal (KrF), med Kent Øystein Hjelle (Sp) som vara.

Stiftinga Norsk Fjordhestgard

Kommunal representant til rådet i stiftinga: Jostein Arne Røyrvik (Sp), med Kjellrun Hjeltnes (SD) som vara.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kommunen sin representant: Sjur Atle Austrheim (V) med Gunnvor Sunde (SD) som vara. Det er Miljødirektoratet som peikar ut nemnda.

Trivselshagen IKS

Kommunen sine medlemmer i representantskapet: - Bernt Reed (Sp), med Bjarte Gangeskar (V) som vara - Katrine Anita Haugerøy Heggelund (SV), med Marit Reikvam (V) som vara.

Jan Kjetil Øygard er styreleiar. I styret sit elles Ragnhild Bruvoll frå kommunen, med Knut Roger Nerdal som vara.

Årets prisvinnarar i 2015

Dei kommunale prisane er:

- Kulturprisen
- Ungdommen sin kulturpris
- Arbeidsmiljøprisen
- Byggeskikkprisen
- «Årets gloppar».

Byggeskikkprisen blir ikkje delt ut kvart år.

Kulturprisen til Arne Søholt



Prisvinnar Arne Søholt mellom ordførar Leidulf Gloppestad og leiaren i MULTEK-utvalet, Arnar Kvernevik. Foto: Jan Kåre Fure.

Han har i fleire år, og på fleire arenaer bidrege sterkt inn i Gloppen sitt kulturliv. Arne er muskar, lærar, dirigent og arrangør. Han er engasjert, kunnskapsrik og inspirerende.

Søholt har betydd mykje for musikklivet i kommunen, og har vore ein viktig bidragsytar for mange. Han får kulturprisen for sitt gode arbeid for musikk. Vi gratulerer så hjertelig!

Prisen vart delt ut av leiaren i MULTEK-utvalet, Arnar Kvernevik, og i si tale sa han mellom anna følgjande:

Prisvinnaren er fyrst og fremst eit framstående eksempel på korleis fagkunnskap og profesjonalitet kjem både det profesjonelle og det frivillige musikklivet til gode. Prisvinnaren er ei eldsjel utan store ord eller mange fakter. Ikkje desto mindre bidreg prisvinnaren utretteleg og på mange måtar til at både profesjonelle og amatørmusikarar kan gjere jobben sin på best mogeleg måte - i tillegg til at prisvinnaren sjølv er ein aktiv utøvar.

Prisvinnaren har den siste tida vore aktuell saman med Breimskoret, Austrheim mannskor og 3 kvinner og ein mann, samt mykje mykje meir.

Ungdomens kulturpris til Ingrid og Maria Ose



Prisvinnarane Ingrid og Maria Ose. Foto: Firda Tidend.

2015 gjekk Ungdomens kulturpris til dei 17 år gamle tvillingane Ingrid og Maria Ose. Dei spelar fløyte, og er for tida elevar ved Barrat Due sitt landsdekkande talentprogram «Barratt Due Unge Talenter».

Dei har vore elevar ved Gloppen kulturskule frå 2005, har spelt i Sandane skulekorps sidan 2007, og har deltatt på mange lokale små og store konsertar med Gloppen kulturskule og saman med Distriktsmusikarane i Gloppen. Dei seinare åra har dei også deltatt på anerkjente nasjonale og internasjonale konsertar og konkurransar med sitt eminente fløytespel.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris til Åsavegen bu- og avlastingsteneste



Arbeidsmiljøprisen omfattar ein diplom, ein gavesjekk på kr 5.000 og ein blomsterbukett. Siri-Merethe Solheim og Else Pernille Eide (t.h.) tok i mot prisen på vegne av prisvinnarane. Her saman med ordførar Leidulf Gloppestad. Foto: Jan Kåre Fure.

Leiar ved Åsavegen bu- og avlastningsteneste framhevar personalet ved eininga som gode

kandidatar for eit positivt, stabilt og godt arbeidsmiljø, som gjev eit godt omdømme for Gloppen kommune.

Personalet syner ei arbeids glede som smittar over på andre i personalgruppa. Dei har framifrå positive haldningar og er fleksible i forhold til krevjande periodar med vakante stillingar og fråvær. Dei tar ansvar og ser moglegheiter og løysingar i staden for problem, og har alltid brukar i fokus. Dei har stort fokus på å bidra til utvikling i HMS-arbeidet ved å vere i forkant. Dei er også svært motiverte og fagleg dyktige for jobben dei utfører.

Byggeskikkprisen

vart ikkje delt ut i 2015.

«Årets gloppar» - Anders Felde



Anders Felde fekk prisen som «Årets gloppar» for 2015. Prisen består av eit diplom og eit bilete av Eikeseth Nygjerd Fotografi. Foto: H. Dvergsdal, Firda Tidend.

Prisen for «Årets gloppar» skal inspirere til vidare innsats og utvikling. Han skal også vere takk og heider til eit menneske eller fleire som har gjort ein stor innsats for å fremje gode samfunnsverdiar – som samhandling og trivsel, glede, helse, fellesskap, ærlegdom, solidaritet, lojalitet, engasjement og frivillig arbeid.

I retningslinene for prisen heiter det at «Prisen for «Årets gloppar» skal gå til ein person eller fleire som har utøvd ein ueigennyttig innsats i Gloppen kommune». Ved prisutdelinga la leiaren i MULTEK-utvalet til at det å setje Gloppen "på kartet" i saker av større regional og nasjonal betydning og må telje positivt.

Årets prismottakar er representant for ei svært aktuell næring som berre i Gloppen bidreg med over 300 årsverk og om lag 180 sysselsette i industri som er direkte avhengige av denne næringa.

I tillegg representerer prismottakaren ei næring som skal spele ei viktig rolle i det sokalla "grøne skiftet". Land- og skogbruk er - til liks med fiskeri, vatn og vindkraft - ei næring som kan bli 100 % fornybar. Som politikarar gløymer vi ofte råvareproducentane når vi tenkjer på det "grøne skiftet".

Som leiar for ein fylkesdekkande interesseorganisasjon kan ein vel kanskje stille spørsmål om innsatsen til prisvinnaren er ueigennyttig, men ved nærare ettertanke vil ein forstå at landbruk og landbrukspolitikkk går langt ut over bonden sine eigeninteresser. Prisvinnaren representerer aktørar som har ei heilt spesiell samfunnsoppgåve: Å bidra til bærekraftig landbruk, mattryggleik, styrke beredskap og sjølvforsyningsgrad, auka verdiskaping og at vi skal ha landbruk over heile landet.

Prismottakar har over lang tid utøvd ein stor innsats for landbrukssaka både lokalt i Gloppen og i sitt verv som leiar for Bondelaget i Sogn og Fjordane. Prisvinnaren har vore ein tydeleg og positiv profil i ei rekke saker knytt til landbruket og landbrukspolitikken.

I tillegg til innsatsen som bondelagsleiar har prisvinnaren bidrege til å bygge og skape skianlegget på Utvikjellet; kanskje fylket sitt finaste utfartsområde? Og per dato er prisvinnaren leiar i skigruppa til Breimsbygda idrettslag. Ei sann eldsjel i eldsjelkommunen Gloppen!